



Høgskulen
på Vestlandet



Årsrapport

2022

Innhold

Kapittel I Styrets fråsegn	3
Høg kvalitet i utdanning og forskning.....	3
Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling.....	4
God tilgang til utdanning.....	4
Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem.....	4
Dei viktigaste prioriteringane for 2023.....	5
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Kapittel III Aktivitetar og resultat i 2022	9
1. Nasjonale styringsparameter.....	9
2. Utviklingsavtalen.....	15
3. Verksemdsmål.....	26
4. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av struktureforma...35	
Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt.....	36
Midlar tildelt over andre kapittel.....	36
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda	39
Del 1: Rapportering om styring og kontroll.....	39
Del 2: Rapportering på andre føresetnadar og krav/fellesføringar.....	41
Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter	47
Framtidsutsikter og planar.....	47
Budsjett 2023.....	50
Kapittel VI Årsrekneskap	52
Leiarkommentarar til rekneskapen for 2022.....	52
Årsrekneskap med noter.....	57



Kapittel I

Styrets fråsegn

Høgskulen på Vestlandet har i 2022 halde oppe god framdrift i arbeidet mot måla vi har sett oss. Det er gjennomført ein brei og inkluderande strategiprosess, som leia fram til at styret i november kunne vedta ein ny verksemdstrategi for perioden 2023-2030. I september sendte styret forslag til ny utviklingsavtale for perioden 2023-2026 til Kunnskapsdepartementet (KD).

Universitetsambisjonen står sentralt i alt utviklingsarbeid. Målet om å bli eit universitet er nært knytt til arbeidet for å styrke kvaliteten på utdanning, forskning og formidling og gjennom dette bli ein sterk og tydeleg aktør som bidreg til samfunnsutvikling og innovasjon, først og fremst i vår region, men også nasjonalt og internasjonalt. Desse ambisjonane står sentralt i den nye strategien organisasjonen har arbeidd med i 2022. Styret har også hatt stor merksemd på utvikling av studieporteføljen og dei økonomiske føresetnadene for ein sterk og målretta høgskule.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Høgskulen har høge ambisjonar for utdanningane sine og har stor merksemd på utdanningskvalitet, gode

studiemiljø og engasjerte studentar. Styret har i 2022 både vedtatt fleire utgreiingsløyve og etablert ei rekke, ulike bachelor- og masterutdanningar ved alle fakulteta. Høgskulen har også bygd om nokre utdanningar. Denne utviklinga og fornyinga av porteføljen er positiv, og det samla eigenfinansierte studietilbodet for studieåret 2023-24 blei vedtatt i november.

Høgskulen jobbar kunnskapsbasert og analytisk i satsingane knytt til studentrekruttering. Effekten av ulike tiltak viser igjen ved at høgskulen samla sett rekrutterer godt, dei nasjonale trendane tatt i betraktning. Den årlege rekrutteringsundersøkinga mot studentar blei hausten 2022 vidareutvikla og for første gong også sendt til alle våre etter- og vidareutdanningsstudentar.

Ambisjonen om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på samspel, berekraft og nyskaping, er høgst gjeldande. Det er mål om at universitetssøknaden skal vere klar innan utgangen av året, og søknaden vert sendt NOKUT så snart den er klar. Styret har vedtatt at det nye universitetet skal heite Universitetet på Vestlandet. Gjennom ei rekke tiltak har høgskulen hatt merksemd på å få til ei stadig auke i eksternfinansiering og vitskapleg publisering.

Del førstestillingar stig frå 2021 til 2022 og er omtrent på nivå med tilsvarande fagmiljø ved universiteta. Del toppstillingar har flata ut, og ligg litt under universiteta. Utflatinga skuldast mellom anna at ein del tilsette i aktuelle stillingar har gått av med pensjon. Det vil bli jobba vidare med å auke tal tilsette i toppstillingar, og det er sett konkrete kompetanssmål for 2023 knytt til både del førstestillingar og toppstillingar.

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet, og har vore fokus i heile høgskulen si levetid. Campusutviklingsprosjektet som blei etablert i 2020, blei formelt avslutta i 2022. I Haugesund er det ønske om å samle all aktivitet på campus for å gi betre studie- og arbeidsforhold for studentar og tilsette. Styret har vedtatt å gå vidare med eit revidert byggeprosjekt knytt til campus Haugesund.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Regional utvikling og samhandling med samfunns- og arbeidsliv er ein viktig del av vår identitet. Høgskulen har eksterne representantar i både studieplankomitear, studieprogramråd og periodiske evalueringar, noko som bidreg til å skape relevante utdanningar. Høgskulen si kandidatundersøking har vist at våre kandidatar er veltilpassa på arbeidsmarknaden.

Høgskulen skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet, og våre fagmiljø er attraktive samarbeidspartnarar for privat næringsliv og offentlege verksemdar. Det er ein tydeleg ambisjon om å styrke kultur for innovasjon og entreprenørskap ved alle fakultet og ved alle campusar.

Med omsyn til bidragsinntekter frå Forskingsrådet representerer talet for 2022 ei forventa positiv utvikling. Høgskulen har også i 2022 vore aktiv innanfor ei rekke program og tiltak knytt til internasjonalt samarbeid med utvalde partnarar frå både eigen og andre sektorar. Prosjekta har bidrege til ei positiv utvikling innanfor internasjonalt samarbeid og til auka kvalitet i forskinga og i utdanningane våre. For Horisont 2020/Horisont Europa sin del har høgskulen hatt ei jamn positiv utvikling dei siste åra.

Styret har i 2022 hatt merksemd på berekraft og det grøne skiftet. Ein handlingsplan er under utarbeiding og ein ny master i berekraftig energiteknologi startar opp hausten 2023.

God tilgang til utdanning

Fleircampusstrukturen med fem studiestadar legg godt til rette for å svare på vår region sine behov for desentralisert utdanning. Høgskulen har i 2022 fått tilslag på fleire søknadar på tilskotsordninga for desentralisert og fleksibel utdanning, som også bidrar til å svare på desse behova.

Høgskulen innfridde dei fleste kandidatmåltala i 2022, men på nokre studieprogram er det utfordringar. Hovudgrunnen er sviktande rekruttering i korte eller lengre periodar. I 2022 blei første kull på femårig integrert master på begge grunnskulelærerutdanningane uteksaminert, og på grunnskulelærerutdanning 5-10 ligg vi langt over kandidatmålalet.

Dei siste åra har det vore ein relativt stor auke på tal studentar på studieprogram som er heilt eller delvis nettbasert. Det største omfanget er innanfor vidareutdanning på lærarutdanninga og frå hausten 2022 starta høgskulen ein nett- og samlingsbasert master i grunnskulelærer 1-7.

I 2022 har det vore satsa på universell utforming i digitale løysingar og pedagogisk programvare, og det å gjere undervisning og læring tilgjengeleg for flest mogleg. Satsinga har resultert i ein omfattande formidlingsaktivitet og kompetanseheving for å sikre at digitale læringsressursar skal bli universelt utforma. Høgskulen har også hatt merksemd på å sikre gode læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad. Studentassistentordninga med særleg merksemd på førsteårsstudenten er vidareført, der målsettinga er at sosial og fagleg integrasjon skal fremje gode inkluderande læringsmiljø og møteplassar for dei nye studentane.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Høgskulen ønsker, med sine arbeidslivsretta utdanningar, å bidra til å utvikle vestlandsregionen og dermed til realiseringa av dei overordna sektormåla. Studietilboda blir kontinuerleg evaluert og utvikla i eit livs-langt læringsperspektiv, og tilbodet av fleksible utdanningar er i stadig vekst.

Høgskulen deltek på ei rekkje møteplassar knytt til det regionale samfunns- og arbeidslivet rundt dei fem campusane. Det gjeld både større konferansar og seminar i regi av næringsråd eller næringsklynger, men også faste møtearenaer knytt til ulike profesjonar og yrker, og som på ulike måtar er relevante for dei fire fakulteta.

Styret har hatt åtte ordinære styremøte i 2022 og behandla 194 saker. Styret har også hatt to styreseminar, med følgande tema:

- Strategiutvikling for ny strategiperiode
- Økonomi/budsjett, strategisk utvikling av studieporteføljen og plansystem/oppfølging av strategiplan

Dei viktigaste prioriteringane for 2023

Med utgangspunkt i den nye strategien og utviklingsavtalen vil styret i 2023 ha merksemd på:

- Universitetsambisjonen og utarbeiding av søknad
- Kvalitet i utdanning og forskning
- Strategisk utvikling av studieporteføljen
- Høgskulen som ein attraktiv institusjon for studentar og tilsette
- Betre utnytting av dei økonomiske ressursane og auke eksterne inntekter for å sikre stor omstillingsevne.

Dato: 08.03.2023




Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg



Trond Ueland



Hege Økland



Joar Sande



Tina Åsgård



Ragnar Gjengedal



Kristin Ådnøy Eriksen



Tone Skjerdal



Alexander Papas



Frida Lunde Høisæther



Prisvinnarane: f.v.: Aslaug Nyernes (Språkpris), Eli Bjørhusdal (Språkpris), Dhayalan Velauthapillai (FoU-pris), Knut Eriksen Eide (Utdanningskvalitetspris) og Cecilie Hamnes Carlsen (Mangfolds-, inkluderings- og likestillingspris) saman med rektor Gunnar Yttri.

Kapittel II

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Høgskulen blir leia av styret, og rektor er dagleg leiar for den faglege og administrative verksemda. Rektors leiargruppe, toppleiinga, består av prorektor for utdanning, prorektor for forskning, prorektor for regional utvikling, organisasjonsdirektør, direktør for økonomi og arealforvaltning og dekanane for dei fire fakulteta.

Samfunnsoppdraget vårt i 2022 var å legge til rette for at alle deltek i arbeids- og samfunnslivet, alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng, og samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet (jf. dei tre overordna sektormåla for kunnskapssektoren omtalt i KD sitt tildelingsbrev til høgskulen i 2022).

I strategiperioden 2019-2023 har den overordna ambisjonen for høgskulen vore å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Vegval, verdiar, satsingsområde og mål i strategien har peika mot at ein i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skulle skape ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

I november 2022 vedtok høgskulestyret ein ny overordna strategi for høgskulen for perioden 2023-2030 (sjå omtale i kapittel V). Det er også inngått ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet som har oppstart i 2023, og som er tett integrert i den nye overordna strategien. Sluttrapportering på utviklingsavtalen som gjaldt til og med 2022 er omtalt i kapittel III.

Høgskulen tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Den faglege verksemda er organisert i fire fakultet; Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS). Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram; Studiar av danning og didaktiske praksisar, Datateknologi, Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU og UiT Norges Arktiske Universitet tilbyr Høgskulen på Vestlandet i tillegg doktorgradsprogram i nautiske operasjonar.

Regional utvikling og samhandling med samfunns- og arbeidsliv er ikkje berre ein del av høgskulen sitt samfunnsmandat, det er også ein viktig del av vår identitet.


Praksis inngår som obligatorisk eller valfri del på mange av utdanningane. Dei mange samarbeidsavtalane med samfunns- og arbeidsliv gjer dette mogleg. Næringsklyngene rundt campusane gir høgskulen tilgang på eit rikt spekter av samarbeidsaktørar. Høgskulen har samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og studienesenteraktørar. Dette er viktig for å lære av kvarandre, utvikle og støtte kvarandre og for å kunne gi studentane meir saumlause overgangar og moglegheit for livslang læring.

Med fem campusar geografisk spreidd på Vestlandet og arbeidslivsretta utdanningar på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå, samt ein ambisjon om å vere ein pådrivar i utviklinga av vestlandsregionen, har høgskulen gode føresetnader for å bidra til dei overordna sektormåla.

Nøkkeltal 2022	
Tal årsverk	1 930
Tal registrerte studentar	16 809
Sum driftsinntekter	2 520 469 000
Total tildeling frå KD	2 202 787 000
Løyving frå andre departement	4 080 000
Tilskot og overføring frå andre statlege etatar	141 093 000
Avlagte doktorgrader	15

Kjelde: DBH

Tabell 1: Nøkkeltal 2022



Figur 1: Organisasjonskart (kjelde: hvl.no)

Fakultet	Studentar	Årsverk	Kandidatar	Campus
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	5 086	432	1 153	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)	3 161	377	665	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	6 041	555	1 062	Sogndal, Bergen og Stord
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS)	2 521	144	387	Sogndal, Bergen og Haugesund

Tabell 2: Studentar, årsverk, kandidatar og campus pr fakultet hausten 2022 (kjelde: DBH)

Campus	Studentar	Årsverk	Kandidatar
Bergen	10 409	1 151	1 837
Førde	929	88	178
Haugesund	1 726	179	277
Sogndal	2 591	344	573
Stord	1 154	171	292
Totalt	16 809	1 933	3 157¹

Tabell 3: Studentar, årsverk og kandidatar pr campus hausten 2022 (kjelde DBH og SAP)



¹I tillegg kjem 136 kandidatar som i Felles Studentsystem (FS) ikkje er knytt til campus.



Kapittel III

Aktivitetar og resultat i 2022

Årsrapportens kapittel III inneheld resultat, analysar og vurderingar av Høgskulen på Vestlandet på:

1. Nasjonale styringsparameter
2. Måla i utviklingsavtalen (2018-2022)
3. Verksemdsmåla med tilhøyrande prioriteringar
4. Måla i gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma

Nemnte mål og parameter er integrert i ein heilskapleg målstruktur i høgskulen sine plandokument, men vi har her valt å rapportere på dei ulike delane kvar for seg.

1. Nasjonale styringsparameter

Gjennomgangen av resultat på nasjonale styringsparameter er gruppert under dei fire overordna og langsiktige måla for høgare utdanning og forskning.

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 1	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2021	2022	2022	2022
Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)	59,71	60,9	60	55,09
Delen mastergradkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)	57,76	50,4	60	54,22
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	0	69,23	65	67,2
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)	3,8	3,64	4,1	3,81
Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)	31,96	31,61	35	33,74
Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH) ²	0,73	-	0,77	-
Verdien av kontraktar frå EUs rammeprogram for forskning og innovasjon per FoU-årsverk (verdi i euro)	-	-	7 000	-
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)	0,18	0,67	0,8	1,6

Tabell 4: Nasjonale styringsparameter – sektormål 1 (kjelde DBH)

²Resultat for 2022 blir publisert i april 2023.

Kommentarar sektormål 1:

Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)

Høgskulen har både før og under pandemien hatt stort fokus på å sikre at nye studentar får ein god start på studiet og at dei tidleg får gode studievanar. Ordninga med studentassistentar for førsteårsstudentar har vore ei viktig satsing dei siste tre åra. Ut frå gjennomføringstala i DBH kan det sjå ut som tiltaka retta mot bachelorstudentane har hatt god effekt, då delen som gjennomfører på normert tid har gått opp til 60,9 % i 2022, slik at vi er over målet vårt og samtidig ligg godt over snittet i sektoren. Vi har såleis langt på veg lukkast med å få ein stor del av bachelorstudentane til å fullføre studia sine trass krevjande år med pandemi gjennom store delar av studietida, men vi ønskjer samtidig å halde fram satsingane for at dette talet skal bli enda høgare i framtida.

Delen mastergradkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)

I motsetning til gjennomføringstala på bachelor, har tala for masterutdanningane gått mykje ned i 2022 samanlikna med tidlegare år, til 50,4 %. Dette er både under det nasjonale snittet og vår eiga målsetting. Hovudgrunnen til nedgangen er at vi framleis har utfordring med at studentar som tek vidareutdanning som anesthesi-, barne-, intensiv-, kreft- og operasjons-

sjukepleiar (ABIOK) er feilregistrert som masterstudentar, men i tala for 2022 ser vi også ein ny tendens i form av høgt fråfall på dei internasjonale masterprogramma. Fråfallet her skuldast truleg utfordringar i samband med pandemien i åra 2020-2022, men dette må undersøkast nærare før vi kan konkludere.

Hausten 2022 gjennomførte den samarbeidande internrevisjonen ved HVL, Nord, UiA og UiS ein revisjon der målet var å sjå på verksemdene sitt arbeid med å auke gjennomføringa på 2-årige masterutdanningar. Internrevisjonen konkluderte med at det blir lagt ned mykje godt arbeid på dette området ved høgskulen. Ei identifisert utfordring er at fokuset på studieprogramnivå først og fremst er at studentar ikkje skal slutte, medan fokuset uttrykt i planar på verksemdsnivå er gjennomføring på normert tid. Internrevisjonen kom med nokre anbefalingar i sin rapport som det vil bli jobba vidare med i 2023.

Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)

Resultatet for 2022 er 69,23 %, og vi er godt nøgde med utviklinga. Utgangspunktet for talet er dei kandidatane som var rapportert inn med start i 2016, og som har disputert innan utgangen av 2022. Talet indikerer at dette har vore eit godt kull, og at forholda har blitt lagt godt til rette for fullføring innan seks år.



HVL har grunnskulelærarutdanning i Sogndal, Bergen og på Stord. I Sogndal var det 36 glade studentar som leverte masteroppgåva si.



Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)

I 2022 er resultatet 3,6, ned 0,2 poeng frå 2021. Nedgangen følgjer ein nasjonal trend, men vi ligg godt under både det nasjonale gjennomsnittet på 3,8 og vårt eige mål om 4,1, noko vi sjølvsagt ikkje er nøgd med. Samtidig er det viktig å merke seg at talmaterialet syner variasjonar mellom ulike utdanningar og inneheld mange nyansar. Til dømes får det psykososiale læringsmiljøet betre skår enn i fjor. Det same gjeld for punktet organisering. Dette er to område det har blitt jobba særskilt med å forbetre. Punktet «eige engasjement» går ned hos oss som det også gjer nasjonalt, noko som truleg påverkar den overordna tilfredsheita i stor grad, så her er det behov for målretta tiltak framover.

I tillegg til Studiebarometeret har høgskulen også data og informasjon frå fleire andre undersøkingar, og i 2022 blei det gjort eit større arbeid med å analysere resultatane frå ulike undersøkingar i samanheng for å få tak i kva enkeltfaktorar i studentopplevinga som påverkar den overordna tilfredsheita med studieprogrammet. Engasjerande undervising, fagleg samanheng mellom emna i studieprogramma og forholdet mellom studentar og tilsette syner å påverke i kor stor grad studentane er nøgde med studieprogrammet dei går på. Dette arbeidet vil vi følgje opp og vidareutvikle i 2023.

Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)

Ut frå tala frå Studiebarometeret ser vi at den eigenrapporterte faglege tidsbruken har gått ned frå 2021 til 2022. Ut frå tala er det veldig liten forskjell i tidsbruk på organiserte aktivitetar, så nedgangen ligg hovudsakleg i rapportert eigeninnsats. Vi ser samtidig at våre studen-

tar rapporterer at dei brukar meir tid på betalt arbeid, ein auke som ein også ser nasjonalt. Dette er truleg ein av hovudårsakene til at fagleg tidsbruk går noko ned.

Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)

Resultatet for 2022 er klart først i april 2023, men det har vore ei jamn auke dei siste åra med vekst frå 0,69 i 2020 til 0,73 i 2021. Det er same prosentvise auke (6%) som frå 2019 til 2020. Med det låg høgskulen akkurat på gjennomsnittet for dei statlege høgskulane, og for første gong ikkje under.

Verdien av kontraktar frå EUs ramme-program for forskning og innovasjon per FoU-årsverk

Resultatet på denne parameteren refererer til kontraktsår og er dermed eit resultat av løyvde søknadar sendt året før eller tidleg same år, der høgskulen er prosjekteigar og får løyvingane direkte overført frå EU. Parameteren gjeld omfanget av kontraktar signert i løpet av året. Høgskulen har i 2022 inngått kontraktar med EU for prosjekta SENSE og OCEAN. Sjå utviklingsavtalen mål 2.2 for nærare omtale.

Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)

Høgskulen har hatt auke i delen utvekslingsstudentar til Erasmus+ frå 2021 til 2022 frå 0,18 % til 0,67%, og har no passert nivået vi låg på før pandemien (0,65 %). Dersom ein i tillegg inkluderer studentar på kortare opphald, til dømes Blended Intensive Program (BIP), ligg delen på om lag 0,80%.

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 2	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2021	2022	2022	2022
Delen mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU ³)	94,6	-	-	-
Bidraginntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH)	60,49	61,08	75	178,32
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)	129,65	125,9	140	199,69
Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU ⁴)	26	-	-	-

Tabell 5: Nasjonale styringsparameter – sektormål 2 (kjelde DBH)

Kommentarar sektormål 2:

Delen mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga – NIFU)

NIFU gjennomfører kandidatundersøkinga annakvart år, og dei nyaste tala vi har er frå november 2021. Undersøkinga blei då sendt ut til personar som hadde fullført mastergrad våren 2021. Tala i DBH syner at det var ein stor del av kandidatane frå høgskulen som svara at dei var sysselsett i relevant arbeid (94,6 %), men vi kjenner ikkje til kor stor svarprosenten blant HVL- kandidatane var på undersøkinga. Sidan spørjeskjemaet blei endra i 2021 er resultatata heller ikkje direkte samanliknbare med tidlegare år.

Bidraginntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH)

Med fleire pågåande prosjekt finansiert av Forskringsrådet aukar bidraginntektene derifrå i tråd med forventningane. Vekst i faglege årsverk medfører at resultatet på parameteren likevel blir lågare enn målsettinga.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk har gått ned frå 2021 til 2022. Inntektene er om lag uendra, men sidan det er fleire tilsette i faglege årsverk, blir forholdstalet lågare.

Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU)

Resultatet på denne parameteren blir publisert kvart andre år i samband med rapportering av FoU-statistikk til NIFU. Sist rapportering var i 2021 (publisert på DBH i januar 2023), og då låg delen på 26 %. Høgskulen har lagt på eit stabilt nivå over tid, med variasjon frå 24 % (i 2015) til 31 % (i 2017).

Sektormål 3: God tilgang til utdanning

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 3	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2021	2022	2022	2022
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane, jf. måltal (DBH)	1 571 ⁵	1 887	1 710	-

Tabell 6: Nasjonale styringsparameter – sektormål 3 (kjelde DBH)

³ Undersøkinga blir gjennomført annakvart år

⁴ Undersøkinga blir gjennomført annakvart år

⁵ Talet vi rapporterte i årsrapport 2021. Ny teljemaate på ABIOK gjer at dette talet er endra på DBH til 1 511.

Utdanning	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Kandidat- måltal 2022
ABIOK-utdanningane	120 ⁶	136 ⁷	143 ⁸	116 ⁹	65
Bioingeniør	48	43	45	52	39
Teiknspråk og tolking	9	8	12	6	20
Ergoterapi	41	30	33	38	30
Fysioterapi	71	55	66	63	68
Jordmor	36	34	38	27 ¹⁰	35
Radiograf	32	34	21	36	25
Sjuepleiar	527	444	538	521	447
Vernepleiar	120	105	126	138	86
Sum helsefagutdanningane	1 004	889	1 022	997	815
Barnehagelærer	330	325	318	307	248
5-årig master GLU 1-7				134	186
5-årig master GLU 5-10				171	137
GLU 1-7	196	186	20 ¹¹	13	
GLU 5-10	192	199	8 ¹²	7	
PPU og PPU-Y	258	299	177	216	276
Faglærer	31	36	26	42	48
Sum lærarutdanningane	1 007	1 045	549	890	895
Totalsum	2 011	1 934	1571	1887	1710

Tabell 7: Kandidatproduksjon – resultat og måltal (kjelde FS).

Kommentarar sektormål 3:

Kandidattal på helse- og lærar- utdanningane, jf. måltal (DBH)

Høgskulen oppnår kandidatmåltala på dei fleste programma, og er også godt over på fleire store program, til dømes barnehagelærer, sjuepleiar, vernepleiar og bioingeniør. Likevel er det nokre studieprogram med lågare kandidatproduksjon enn måltala. Hovudårsaka er sviktande rekruttering i korte eller lengre periodar.

Dette ser vi til dømes på PPU og grunnskulelærer 1-7. Samtidig var 2022 det første året vi uteksaminerte ferdige kandidatar på femårig integrert master på begge grunnskulelærerutdanningane, og det er gledeleg å sjå at ferdige kandidatar på grunnskulelærerutdanning 5-10 er langt over måltalet. På både grunnskulelærer 1-7 og 5-10 er det ein del studentar (16 og 31) som av ulike årsaker er forseinka. Desse vil påverke kandidatproduksjonen positivt når dei fullfører.

⁶ Av desse var det 74 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 46 som tok 120 studiepoeng (master)(gamal teljemåte).

⁷ Av desse var det 93 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 43 som tok 120 studiepoeng (master)(gamal teljemåte).

⁸ Av desse var det 82 som tok 90 studiepoeng vidareutdanning og 61 som tok 120 studiepoeng (master)(gamal teljemåte).

⁹ Alle desse 116 tok 90 studiepoeng vidareutdanning.

¹⁰ I tillegg har 5 tatt påbygg til master.

¹¹ Overgangsår frå 4-årig GLU til 5-årig master.

¹² Overgangsår frå 4-årig GLU til 5-årig master.

Høgskulen har dessutan eit tilbod til dei som har begynt, men ikkje fullført 4-årig grunnskule- eller allmennlærarutdanning. Allereie etter første studieår oppnådde sju studentar sitt vitnemål som 4-årig grunnskulelærer, og våren 2023 har 14 studentar moglegheit for å gjere det same. Det er no 18 aktive studentar frå kull 2021 og 16 frå kull 2022.

Jordmor oppnådde ikkje kandidatmåltala i 2022. Dette skuldast i hovudsak vanskar med tilgang på praksisplassar, og at ein dermed ikkje kan ta opp ekstra studentar for å kompensere for eventuelt fråfall eller forseinkingar undervegs. Vi når heller ikkje kandidatmåltalet på fysioterapi i 2022. Her ser vi at det var størst fråfall i studieåret 2020/2021. Vi kjenner ikkje til grunnane for dette, og om dette er pandemirelatert eller ikkje. Vi vil følgje med for å søke å unngå fråfall i framtida.

Bachelorprogrammet Teiknspråk og tolking har over tid hatt låg gjennomstrøyming, og vi er framleis langt under kandidatmåltalet for 2022 sjølv om fleire tiltak er sett i verk for å auke rekrutteringa og gjennomføringa.

Det største fråfallet skjer mellom 1. og 2. studieår og skuldast hovudsakleg at fleire av dei som startar på studiet ønskjer å ta det som årseining. Dei tek teiknspråkdelen utan planar om å gå inn i tolkeyrket. Det er òg mogleg at innhaldet i utdanninga ikkje har blitt formidla på ein god nok måte. På dette området blir det arbeidd med tiltak for å betre informasjonen om innhaldet i studiet, og det har vore tatt kontakt med alle førsteprioritetssøkarar for å informere om studiet og svare på spørsmål.

Frå hausten 2021 blei heile emnestrukturen i utdanninga revidert. Dette arbeidet er vidareført slik at utdanninga vil ha ny revidert studieplan og nye emneplanar med verknad frå og med hausten 2024. For inneverande studieår har det vore tettare oppfølging av studentane og det er lagt inn tydelege forventningsavklaringar og fleire individuelle tilbagemeldingar, til dømes obligatorisk fagleg utviklingssamtale før studentane skal i praksis. Det er også nytta døvespråkmodellar i undervisninga, og fleire aktivitetar blir lagt til døvemiljø.

Faglærerutdanninga i musikk har over lengre tid heller ikkje nådd kandidatmåltala som er sette for utdanninga. Kandidatmåltalet er på 20 studentar, og det er identisk med talet studieplassar vi har brukt å lyse ut på utdanninga. Siste studentopptak var hausten 2021. I 2022 var det nullopptak, då utdanninga blei erstatta av den fleirfaglege 5-årige faglærerutdanninga i praktisk-estetiske fag (LUPE) sin studieretning i musikk. Det blir no prioritert å gi dei to siste aktive kulla på faglærerutdanninga god oppfølging, slik at dei kan fullføre med gode resultat. Det blir mellom anna gjennomført faste møte mellom studentar og fagtilsette for å ta opp problemstillingar og utfordringar, det er innført kullkoordinator og det blir nytta ein fagtilsett med rolle som praksiskoordinator. Desse tiltaka er vurdert som tenlege.

Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

Styringsparametrar jf. Tildelingsbrev – Sektormål 4	Resultat		Mål	Gj.snitt sektoren
	2021	2022	2022	2022
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	560,76	540,62	590	405,88
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)	46,64	52,39	48	36,13
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)	12,66	11,66	10	11,78

Tabell 8: Nasjonale styringsparameter – sektormål 4 (kjelde DBH)

Kommentarar sektormål 4:

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)

Resultatet på 540,62 poeng i 2022 er høgare enn snittet i sektoren, men lågare enn tidlegare år, og eit godt stykke under målsettinga vår. Nedgangen skuldast i hovudsak at vi i 2022 hadde færre registrerte studentar enn i 2021, og dermed færre som kan produsere studiepoeng, samtidig som dei faglege årsverka har auka.

Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)

Høgskulen har hatt ei auke på 5,75% i delen kvinner i dosent- og professorstillingar frå 2021. Resultatet, på 52,4%, ligg over målalet, og vi tenkjer at handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering ser ut til å ha bidrege positivt for utviklinga, der målretta rekruttering og kompetanseutvikling er viktige tiltak. Mellom anna er det eit eige kompetansehevingsstipend for kvinner som ønsker å kvalifisere seg til toppstilling.

Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)

Prosentdelen mellombelse tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har gått ned med 1%. Prosentdelen er framleis over målalet, men om lag på same nivå som gjennomsnittet for sektoren.

Høgskulen har hatt stort fokus på å redusere tal mellombels tilsette. Årsaker til at det ikkje er ytterlegare reduksjon er mellom anna at det på nokre fagområde har vore vanskeleg å rekruttere kvalifiserte søkarar med førstekompetanse og vi har då valt å tilsette mellombels i stillingskategoriane høgskulelærer og høgskulelektor. På grunn av eit generasjonsskifte på nokon fagområde, har det blitt satsa på interne kompetansehevingsstipend der tilsette får ekstra FOU-tid for å kvalifisere seg til opprykk til første- og toppstillingar. Dette har gitt behov for fleire vikarar for å dekke opp nødvendige undervisningsoppgåver ved fakulteta.

Høgskulen vil forsette arbeidet med å redusere tal mellombelse tilsette.

2. Utviklingsavtalen (2018-2022)

Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivretta profil der samspel, berekraft og nyskaping står sentralt. I utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal høgskulen skape ny kunnskap og kompetanse som er forankra internasjonalt og som blir omsett til løysingar som verkar lokalt. Utviklingsavtala peikar på tre område som høgskulen særleg må utvikle for å nå sine strategiske mål og løyse vårt samfunnsoppdrag; regional utvikling, kvalitet og omfang av forskning og utdanningskvalitet.

Målområde 1: Regional utvikling

Høgskulen skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet, som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling og sjå utdannings- og kompetansebehova i regionen under eitt. Ambisjonen er å vidareutvikle studiestadane tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla blir teken betre vare på. Høgskulen skal ta utgangspunkt i vestlandsk samfunns- og arbeidsliv og vere aktive i samfunnsdebatten. Samfunns- og arbeidsliv skal ha tilgang på relevant, internasjonal og framtidretta kunnskap som bidreg til regional utvikling og innovasjon.



Næringsminister Jan Christian Vestre på besøk på Campus Førde. Her i lag med spesialrådgjevar og regionansvarleg for Vestland i Noregs Forskingsråd, Merete Lunde, direktør Anne Karin Hamre i Vestlandsforskning og prorektor for regional utvikling Geir Kåre Resaland.

Mål 1.1: HVL skal styrke praksisnær utdanning og forskning- og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverksamarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv. Entreprenørskap, innovasjon og kommersialisering gjennom tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er berande element.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018–2022:

Høgskulen har i heile perioden frå 2018 gradvis auka deltakinga på fleire møteplassar i samfunns- og arbeidslivet, både større arrangement i regi av næringsråd eller næringsklynger, og faste møtearenaer knytt til nettverk og klynger, profesjonar og yrke. Gjennom dette samarbeidet får høgskulen problemstillingar til bachelor- og masteroppgåver, samarbeid om forskning, praksisplassar for studentar, og i tillegg rettleiarar og sensorar.

Det er mange døme på kor høgskulen no deltek: Dei siste åra har det vore samarbeid med Festspillene i Bergen om barnekunstfestivalen Småspill. Profesjonelle kunstnarar samarbeider med studentar og tilsette ved høgskulen om førestillingar, seminar og workshop ved campusane på Stord, Sogndal og Bergen, og inviterer særleg barn som publikum. Det er samarbeid med Byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett i Bergen kommune om verktøy, opplæring og bruk av Læringslab ved campus Bergen. Dette legg godt til rette for at tilsette ved lærarutdanningane kan samarbeide med lærarar i skulane i utforskinga av nye verktøy. Høgskulen deltek fast i samarbeidsforum koordinert av statsforvaltaren i både Vestland og Rogaland, og i faste møte med regionale kompetanseregionar. Det er etablert fast møtestrucuktur med helseføretaka, KS og kommunehelsetenesta. Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi og Idrettsklynge Vest er døme på samarbeidspartnarar.

I Alrek helseklynge bidreg fleire fakultet ved høgskulen til å skape innovative helse- og omsorgsløysingar. Nokre av møtearenaene er knytt direkte til utdanningane. Dette gjeld til dømes nettverket for Sjøfartens utdannings- og rekrutteringsforum (SURF) der høgskulen samhandlar med vidaregåande skule, fagskulen og representantar for næringa vi utdannar til. Høgskulen deltek i liknande nettverk for mellom anna reiselivs- og rekneskapsfag og var ein av partnerane då kunnskapsklynnga Energiomstilling Vest (EOV) blei etablert i 2019 for å styrke arbeidet med energiomstilling både nasjonalt og internasjonalt.

I prosjektet FORREGION Vestland driv høgskulen, saman med Vestlandsforskning, kompetansemekling på oppdrag for Vestland fylkeskommune. Det blir årleg gjennomført rådgjevande møte med over 150 små og mellomstore verksemder, klynger, inkubatorar og næringshagar for å identifisere og konkretisere prosjektidear basert på utfordringar i verksemda. Arbeidsmåten til FORREGION Vestland sikrar eit tett og godt samarbeid med heile verkemiddelapparatet for å nå ut til flest mogeleg verksemder. Desse relasjonane gir også inngang til samarbeid om bachelor- og masteroppgåver og dialog om kompetanseutvikling.

På innovasjons- og kommersialiseringsområdet har høgskulen samarbeid med Valide, VIS og Kunnskaps-parken Vestland. Talet på innmelde forretningsidear i 2022 var ti (åtte i Bergen og to i Sogndal). Dette er ein auke samanlikna med 2021, og på same nivå som før pandemien.

Høgskulen deltek i fleire nettverk knytt til FoU, mellom anna Horisont Rogaland og Horisont Vestland, og fleire klynger finansiert gjennom ordninga Norwegian Innovation Clusters (til dømes Norwegian Offshore wind, NCE Maritime Cleantech, Norwegian Smart Care Cluster, VIA næringsklynge m.fl.)

Arbeidet med alumni er igangsett, og prosjektkoordinatør og trainee kom på plass hausten 2022. Prosjektet har brei geografisk og organisatorisk forankring gjennom ei styringsgruppe.



F.v. Instituttleder Svanaug Fjær, prorektor for utdanning, Anne-Grethe Naustdal, dekan ved fakultet for helse- og sosialvitskap, Randi Skår, arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen, rektor Gunnar Yttri og fagseksjonsleiar for master i sosialvitskap, Ingunn Barmen Tynes, etter opninga av ny master i sosialvitskap.

Mål 1.2: HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022:

Høgskulen bidreg meir aktivt i det kompetansepolitiske arbeidet både i Vestland og Rogaland. Kompetanseforum Vestland, leia av fylkeskommunen, har vore aktivt i ei årrekke, medan Kompetanseforum Rogaland blei etablert i juni 2022.


Fleircampusstrukturen legg godt til rette for å gjere utdanning tilgjengeleg for folk på Vestlandet, uavhengig av livssituasjon og kor dei er busett. Dei siste åra har høgskulen fått tilsegn i fleire tilskotsordningar hos både Utdanningsdirektoratet (Udir) og Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir), inkludert bransjeprogramma. Desse tar i stor grad utgangspunkt i regionale behov, og styrker tilgangen på fleksible og desentraliserte utdanningar. Høgskulen har tilbod innan maritimt bransjeprogram, for olje-, gass- og leverandørindustrien, for elektro-, automasjon-, fornybare- og kraftnæringa og for reiseliv. Tilboda er korte, fleire av dei er nettbaserte og rekrutterer nasjonalt, samtidig har dei blitt utvikla med utgangspunkt i regionale behov. Tilboda knytt til maritimt bransjeprogram og for olje-, gass- og leverandørindustrien har fått tilsegn i 2022.

Høgskulen samarbeider med Ryfylke IKS (interkommunalt selskap for Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Sandnes) ved MOR-prosjektet (Motivasjon, opplæring og rettleiing) om eit studiesenter. Idear om nye studieløp byggjer på felles erfaringar, gjensidig tillit og tydeleg rolle- og ansvarsdeling. Samarbeidet med Ryfylke IKS var verdifull erfaring for å kunne kvalifisere oss i tilskotsordninga for fleksibel og desentralisert utdanning saman med næringsaktørar i Hallingdal, Fagskolen i Viken og Universitetet i Sørøst-Norge (USN).

Høgskulen har i heile perioden vore stor tilbydar når det gjeld kompetanseutvikling for tilsette i barnehage og skule. Dette studieåret har det vore 60 vidareutdanningar for denne målgruppa, og 45 av desse er finansierte av Udir. I 2022 fekk vi tilsegn frå Udir på ti søknadar i tre anbodskonkurransar, og tilskot frå HK-dir/Kompetanse Norge til gjennomføring av vidareutdannings-tilbod i norsk som andrespråk for lærarar som underviser vaksne innvandrarar.

Som ledd i arbeidet med å stimulere til auka relevans i utdanning og forskning, er det blitt rekruttert over 60 medarbeidarar i delte eller kombinerte stillingar i stillingsstorleik 20 til 60 prosent. Dei har hovudstilling i barnehagar, skular, idrett, kommunehelseteneste, helseføretak eller industrien. For å kunne vidareutvikle dette tiltaket, er det nødvendig å finne rimelege rammer for løn- og arbeidsvilkår for dei medarbeidarane som har fleire arbeidsgjevarar.

Høgskulen har auka talet på eksterntfinansierte prosjekt knytt til forskings- og utdanningssamarbeid, og mange av desse inkluderer samarbeid med arbeidsliv, både nasjonalt og internasjonalt. Eit døme på dette er EUVECA (2021-2026), der vi samarbeider med Region Nordhordland IKS og Helse Bergen HF, samt fleire europeiske partnerar frå ulike sektorar. Samarbeidet skal bidra til betre planlegging, betre prognosar for kompetansebehov og betre opplæring av noverande og framtidig helsepersonell.



Martin Fodstad Stølen (lengst til venstre) og robotikkgruppa ved campus Førde utvidar forskingsmiljøet med nye midlar. Her står han saman med studentane Aril Torheim, Isak Vamråk Førde og Chris Louis Johnsen under opninga av det nye testanlegget RoboVest ved Njøs frukt- og bærcenter.

Mål 1.3: HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos høgskulens samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022:

Forskargruppene er oppmoda om å invitere studentar inn i prosjekta sine samt tematisere aktivitetane sine slik at studentar kan utvikle og formulere problemstillingar innanfor prosjekta og aktivitetane til forskargruppene. Slik blir forskargruppene sine tema, metodar og data ressursar for studentane sine prosjekt, og studentane sitt arbeid er ein viktig ressurs for forskargruppene. Forsking er med på å styrke undervisningskvalitet, og undervisning er med på å styrke forskingskvalitet i eit gjensidig samspel. Mange av prosjekta er i tett samarbeid med både private verksemdar og offentleg sektor, og studentane får på den måten bidra til regional utvikling. Studentar møter FoU-arbeidet særleg når semester-, bachelor- og masterprosjekt blir kopla til forskingsprosjekt. Studentane deltek i den systematiske litteraturgjennomgangen og utforskar konkrete problemstillingar og delprosjekt. Utvalde oppgåver blir vidareutvikla til tidsskriftsartiklar i samarbeid med rettleiar. Målet er å auke forståinga for og erfaring i å utføre forskning, utvikle formidlingsevnene og vere medforfattarar på publikasjonar. Nokre konkrete døme kan nemnast her. Eit prosjekt handlar om helsepersonell sine erfaringar med omsorgstenester til eldre som bur heime, der 12 masterstudentar knytt til ulike masterprogram er involvert. Eit anna er at studentar deltek aktivt i konsortiet COAST-senteret, Centre for Excellence in Maritime Simulator Training and Assessment. Senteret har som formål å styrke koplinga mellom forskning og undervisning. For det tredje har HVL landets einaste forskarline for grunnskulelærarstudentar. Denne studieretninga gir studentar moglegheit til å fordjupe seg i eige fagfelt, vitskapsteori og metode. Forskarlina er meint å vera eit springbrett til vidare forskarutdanning og -rekruttering til ph.d.-nivået.

Høgskulen har i perioden styrka satsinga på studentinnovasjon og entreprenørskap gjennom HVL Skape. Dette starta som eit prosjekt ved eitt fakultet, men er i perioden blitt integrert på institusjonsnivå og i alle fakulteta. Det er i 2022 etablert ei faggruppe og rekruttert studentassistentar som saman legg til rette for arrangement på alle campusane. Fleire av arrangementa er i samarbeid med lokale næringsaktørar og kompetanse knytt til gründerverksemd. To av medarbeidarane er tilsett i delt stilling mellom høgskulen og næringsaktør, noko som styrker koplinga til regionane.

Gjennom offentleg sektor ph.d.- og nærings ph.d.-ordningane bidreg høgskulen til å auke forskingskompetansen hos samarbeidspartnarane våre, og talet på kandidatar har auka jamt. I 2018 var det éin offentleg sektor ph.d.-kandidat. Ved utgangen av 2022 var det sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar (to nye i 2022) og ein nærings-ph.d.-kandidat.



Meir enn 700 elevar besøkte Haugesund og Stord på open dag i 2022.

Program for ideutvikling blei lansert i 2022, som høgskulen sitt finansieringsprogram for interne innovasjonsprosjekt i tidleg fase, retta mot tilsette og studentar ved HVL. Formålet er å stimulere til auka aktivitet kring nyskaping og entreprenørskap, og bidra til at gode idear kan utviklast vidare for å komme samfunnet til nytte. Det kom inn 18 prosjektforslag, der tre av dei var frå studentar. Studentane har fått rettleiing gjennom HVL Skape. Søknadane blei evaluert av ein ekstern komité. Tre prosjekt frå tilsette og to studentprosjekt blei innvilga. Alle prosjekta har hatt oppstart i løpet av hausten 2022.

Mål 1.4: HVL ser robuste campus og relasjonane mellom dei som sentrale verkemiddel i utviklinga av kjerneoppgåvene, på same måte som struktur-, kultur- og teknologiutvikling. Målet er å vidareutvikle campusane som attraktive arbeids- og studiestadar.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022

Høgskulen har i perioden tydeleggjort ansvaret for regional utvikling og tilsett samfunnskontaktar ved alle campusane som eit stadleg kontaktpunkt for studentar, tilsette og samarbeidspartar. Prosjekt campusutvikling (2020-2022) er slutført og rapportane er eit viktig grunnlag for arbeidet med å vidareutvikla dei fem campusane. Campusmøte er etablert som koordinerings- og samordningsarena internt og eksternt. Koordinerte møte styrker kommunikasjon også på tvers av campusane.

Fleire studieprogram organiserer undervisning som «vestlandsklasse» med digital undervisning på tvers av campusar. Slik får studentar ved ulike campusar høve til å velja fordjuping i fag eller emne som ikkje hadde vore økonomisk berekraftig med få studentar i fysisk undervisning på campus. Studentar ved grunnskulelærer 5-10 som ønskjer fordjuping i andre framandspråk, får tilbod om å følgje eit digitalt tilbod ved Høgskolen i Østfold. Dette er eit nasjonalt tilbod for å styrke språkfaga.

Fleire av biblioteka ved høgskulen har blitt rusta opp i perioden 2018-2022. Biblioteka har styrkt rolla si som ein arena for formidling, og arrangerer ei rekkje faglunsjar, boklanseringar og anna forskingsformidling i samarbeid med fakulteta og andre interne og eksterne einingar. Biblioteka hadde gjennom mesteparten av koronatida eit fysisk tilbod til studentane som ein stad for læring. I Studiebarometeret får biblioteka svært gode tilbakemeldingar. Ordninga med meiroppne bibliotek er utvida til å gjelde alle campusbiblioteka, og då kan studentar og tilsette bruke biblioteka også når dei ikkje er bemanna.

I perioden er det gjort fleire grep for å skape attraktive campusar. Kaféar og andre fellesareal har blitt fornya. Global Lounge blei oppretta i 2021, og er no etablert som ein fysisk møteplass ved alle campusane.

Målområde 2: Styrke kvalitet og omfang av forskning

Høgskulen er ein fusjon av tre tidlegare høgskular og målet med samanslåinga var å byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø enn det dei tre tidlegare høgskulane ville klart kvar for seg. Kjenneteikna skal vere praksisnær i si forskingsinnretting og med profesjons- og arbeidslivsretta forskingsprogram på tvers av studiestadane. Brukarane av høgskulen sin kunnskap og kompetanse skal aktivt involverast.

Mål 2.1: HVL vil aktivt arbeide med å auke delen tilsette med førstekompetanse og professor og dosentkompetanse, gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid, og tilsette med solid arbeidslivserfaring. Den samla kompetansen skal byggjast saman med samfunns- og arbeidsliv.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022:

Høgskulen har hatt ein solid vekst i tal årsverk i første-, professor- og dosentstillingar i perioden 2018-2022 (frå 508 til 629 årsverk). Utviklinga har vore særleg positiv innanfor kategoriane førsteamanuensis og professor.

Høgt kompetansenivå blant våre tilsette er ein sentral føresetnad for å nå måla våre på fleire område.



Studentar i arbeid på biblioteket, Campus Bergen.

Møteplassen blir brukt i stadig større grad til ulike arrangement for studentar og tilsette, til dømes internasjonal dag, Orientation days og spelkveldar for innkommande utvekslingsstudentar, quiz for tilsette, og fleire konsertar for både studentar, tilsette og nærmiljøet. Læringslab blir opna i løpet av våren 2023 ved campus Haugesund og campus Førde, og då er dette tilbodet tilgjengeleg ved alle campusane. Det gir studentar og tilsette tilgang på ei stor breidde av digitale verktøy i lærings- og arbeidsprosessar.

Rekruttering av riktig kompetanse er avgjerande for vidare utvikling av både forskingsaktivitetane og studieprogramma, og for å bli det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet på Vestlandet. I rekrutteringa tenkjer vi derfor langsiktig og strategisk for å rekruttere den kompetansen høgskulen treng, og lyser primært ut undervisning- og forskarstillingar på topp- og førstestillingsnivå.

Det har vore mange tiltak for å auke delen i topp- og førstestillingar. Til dømes karriereseminar og ulike kompetansehevingsstipend for fagtilsette, med eit eige stipend for kvinner mot toppkompetanse. Det har òg blitt etablert eit eige utanlandsstipend for tilsette med første- og toppkompetanse, mellom anna for å fremje nettverksbygging og auke sampublisering.

I samband med universitetsambisjonen blei det i 2020 løyvd midlar til 13 utvalde forskarmiljø (U13). I tillegg til å styrke miljøa, har satsinga òg bidrege til auka nettverksbygging, fleire søknadar om eksternfinansiert forskning og utdanningsverksemd, samt ei auke i den vitenskaplege publiseringa hos fleire av desse miljøa.

I 2019 blei det etablert eit system der nye stipendiatstillingar var del av ei intern incitamentordning knytt til ekstern finansiering av forskning. Interne strategiske midlar blei nytta til å gi betre rammevilkår for prosjekt finansiert av eksterne kjelder. Frå og med 2022 blei ordninga utvida til å gjelde postdoktor-kandidatar også. Denne incitamentordninga har forsterka dei respektive fagmiljøa. I perioden 2019-2022 har det blitt tildelt i alt 26 stipendiatstillingar, i tillegg til to postdoktor-stillingar i 2022.

Prosjektet «Forskaren i fokus - Charter and Code» hadde oppstart i 2021, og i løpet av 2023 tek høgskulen sikte på både å søke om, og å oppnå målet med prosjektet; utmerkinga «HR Excellence in Research». Ved å oppnå denne utmerkinga, forpliktar vi oss til kontinuerleg kvalitetsarbeid knytt til mellom anna arbeidsvilkår, karriereutvikling og rekrutteringsprosessar for vitenskapleg tilsette. Ei karriere ved høgskulen skal såleis kunne vurderast som både attraktiv og berekraftig, noko som igjen vil bidra ytterlegare til å sikre både nasjonal og internasjonal tilgang på motiverte, høgt kvalifiserte og dyktige kandidatar innan forskning og innovasjon.

Mål 2.2: HVL vil aktivt arbeide med å sikre høg internasjonal kvalitet i forskingsaktiviteten, gjennom meir internasjonalt prosjektarbeid og auke vitenskapleg publisering. Målet er å vere på nivå med dei norske universiteta med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022: Høgskulen har i perioden 2018-2022 vore aktiv innanfor ei rekke program og tiltak knytt til internasjonalt samarbeid med utvalde partnerar frå både eigen og andre sektorar. Prosjekta har bidrege til ei positiv utvikling innanfor internasjonalt samarbeid og til auka kvalitet i forskinga og i utdanningane våre.

Det har vore ei positiv utvikling, med brei søknadsdeltaking og tildelingar innanfor ei rekkje ulike program og tiltak også utanfor dei europeiske rammeprogramma. Særleg har vi i aukande grad gjort nytte av finansieringsordningane knytt til Panoramastrategien.



Professor Margareta Holtensdotter Lützhöft og institutt-leiar ved maritime studium Johanne Marie Trovåg er saman med postdoktor Erik Styhr Petersen i spissen for det nye EU-prosjektet som HVL fekk tilslag på. Midlane, på totalt 57 mill. kr., er knytt til eit innovasjonsprosjekt der målet er å utvikle nye smarte løysingar som skal styrkje sikkerhet til sjøs.

Det har vore ei positiv utvikling i tal søknadar og tal tildelingar, samt tildelt beløp, innanfor både UTFORSK og INTPART. Frå 2018 til 2022 har høgskulen i tillegg hatt ei solid auke i tal tildelingar frå det nasjonalt forvalta tiltaket Nordplus. Prosjekta styrker student- og ansattmobilitet, nettverksbygging og forskingssamarbeid og bidrar til livslang læring for både studentar, nyutdanna og dei som har stått lengre i arbeidslivet innan både helsesektoren og oppvekstfeltet.

Internasjonalt samarbeid gjennom deltaking i EU-program for forskning, innovasjon og utdanning bidreg til å realisere visjonar og ambisjonar om å vere ein arbeids- og profesjonsretta institusjon med forskning og samarbeid på tvers av sektorar, og med høg kvalitet og samfunnsrelevans. I perioden 2018-2022 har høgskulen vore aktiv innanfor dei europeiske rammeprogramma Horisont 2020/Horisont Europa og Erasmus+, med stadig meir omfattande deltaking.

For Horisont 2020/Horisont Europa sin del har det vore ei jamn positiv utvikling i perioden. For 2022 har vi førebels fått innvilga to nye løyvingar, deriblant eit stort koordinatorprosjekt "OCEAN". Talet på søknadar er rimeleg stabilt, med to færre søknadar enn 2021.



EUs ambassadør til Norge, Nicolas de La Grandville fekk i november stifta nærare kjennskap Høgskulen på Vestlandet og blei teken varmt imot av rektor Gunnar Yttri.

I 2022 deltok høgskulen i alt i 8 nye Horisontprosjekt, 4 som prosjekteigar/koordinator. Per januar 2023 er høgskulen deltakar i 13 pågåande Horisont Europa-prosjekt, der det "eldste" starta opp i 2019. I Horisontporteføljen vår er det no 18 prosjekt (partnar og koordinatorprosjekt).

Det er svært gledeleg med vekst i Horisont Europa, også som prosjekteigar. Prosjekta vil bidra til å styrke høgskulen som internasjonal anerkjent kunnskapsleverandør innan sine felt.

For å auke innsatsen mot Horisont Europa-Pilar 1, innførte høgskulen for første gong i 2021 ein Marie Sklodowska Curie Actions Postdoctoral Fellowships (MSCA-PF) Master Class med oppfølging av lovande forskartalent med interesse for å søke på MSCA-PF-stipend, der høgskulen er vertsinstitusjon. Søknadane frå 2021 og 2022 omfattar eit breitt spekter av ulike fagområde og fleire av prosjektforslaga har ei tverrfagleg tilnærming. MSCA-PF Master Class og respektiv oppfølging av lovande kandidatar er vurdert som vellykka, og skal også vidareførast i 2023. Målsettinga er å etablere ordninga som eit fast opplegg for framtida.

Høgskulen har hatt solid deltaking i Erasmus+ i perioden 2018-22. I perioden har ein òg arbeidd for, og oppnådd, ei dreining mot auka søknadsdeltaking og tildelingar innanfor dei større og sentraliserte tiltaka, til dømes søknadar om Europeiske Universitet, Lærarakademi og Senter for framifrå fag- og yrkesopplæring. Høgskulen har òg fått innvilga ein stor institusjonsovergrepande søknad til European Innovation and Technology (EIT), knytt til å auke innovasjonskapasiteten. Samarbeidet kom som eit resultat av arbeidet med ein søknad om

Europeiske Universitet, og involverer fleire av desse partnarane, samt fleire av våre eigne fakultet. Det blir arbeidd vidare med ein søknad til Europeiske Universitet i 2023 i konsortiet ERASMove. Hovudmålet med ERASMove er å etablere solide strukturar for samarbeid innanfor utdanning, forskning, innovasjon og samhandling med arbeidslivet og med utvalde partnarar i Europa.

Bygging av kompetanse og kapasitet i det administrative støtteapparatet knytt til internasjonale forskings- og utdanningssamarbeid har vore ein viktig prioritet i perioden. Eit anna viktig tiltak for å auke deltakinga i EU-programma har vore satsinga gjennom U13 (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 2.1), med vekt på internasjonale professor II-stillingar, stipendiatstillingar, incitamentordningar for søknadsskriving og opprykksordning (frikjøp).

Høgskulen har over tid jobba strategisk med å auke deltakinga i nettverk. I tillegg til medlemsskapa i Vest-Norges Brusselkontor og Stavangerregionens Europakontor, har høgskulen blitt medlem av fleire internasjonale institusjonelle nettverk, til dømes International Association of Universities (IAU) og European University Association (EUA). Høgskulen er og medlem av Scholars at Risk (SAR) og Southern African - Nordic Network (SANORD). Hovudformålet med SAR-nettverket er å beskytte trua akademikarar, fremje akademisk fridom og forsvare alle sin rett til å tenkje, stille spørsmål og dele idear fritt og trygt. Til no har høgskulen hatt to forskarar tilsett under denne ordninga, der ein er tilsett pr januar 2023.

Når ein ser på søknadsaktivitet til Forskningsrådet for heile utviklingsavtaleperioden, var det ein stor auke i talet på søknadar frå 2018 til 2019. Suksessraten var også stor, om lag 19%. Deretter har det vore ein nedgang. I 2022 er søknadstalet 36 og med eit førebels tal på innvilga søknadar på 4 (alle søknadar er enno ikkje ferdig handsama). Suksessraten per år varierer, men vi ser ein nedgåande trend. Tala er likevel på rimeleg tilsvarende nivå som samanliknbare institusjonar. Nedgangen frå 2020 kan truleg skuldast både endring i system for innsending av søknadar til Forskningsrådet, kritisk masse i relasjon til årleg auka tal aktive prosjekt som skal gjennomførast, og følgjene av pandemien for forskning og internasjonalt samarbeid.

Eit perspektiv i dette biletet er at det framleis er ein liten del av dei fagleg tilsette (under 10%) som står bak søknadane om eksterne midlar. Potensialet er derfor stort

om vi maktar å auke denne særskilde søknadskompetansen. Vidare varierer søknadstala stort mellom fakulteta. Vitskapleg tilsette med bakgrunn frå utanlandske forskingsmiljø vinn i større grad enn norske, fram med søknadar til dei internasjonale kjeldene (særleg Horisont Europa). Det er rimeleg å tru at i tillegg til sær godt fagleg nivå, handlar dette om ein søkarkultur med ekstern finansiering og internasjonale nettverk.

Tala for publisering i 2022 kjem først i april 2023, men i 2021 var delen artiklar med internasjonalt samforfattarskap 58,8%, ein liten nedgang frå toppåret 2020 med 60,2%. Men den internasjonale sampubliseringa har hatt ei god utvikling frå 2018 til 2021, opp frå 46,4% i 2018 til 58,8% i 2021. Her ligg høgskulen høgast av dei samanliknbare norske universiteta og høgskulane. Det har vore ei jamn auke i den vitskaplege publiseringa i perioden 2018-2021, og målet om 0,72 publikasjons-poeng per fagleg årsverk for 2021 blei nådd og enda på 0,73.

Målområde 3: Utdanningskvalitet

Høgskulen sine utdanningar skal vere FoU-baserte med ei klar merksemd på profesjonsforståing. Utdanningane skal vere innretta slik at studentar og kandidatar kan bidra til kvalitetsforbetring, innovasjon og berekraftig verdiskaping. Utdanning skal vere tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv. Høgskulen si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten, og skal sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling. Internasjonalisering skal stå sentralt i alle utdanningar, og det er eit sentralt mål å auke både student- og tilsettemobilitet.



Læringslab er ein stad for alle tilsette og studentar. I laben kan du utforske, samhandle og skape, med fokus på teknologi.

Mål 3.1: HVL skal utvikle framtidretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og arbeidsliv.

Utvikling og overordna måloppnåing 2018-2022: Høgskulen oppretta i 2019 ei eiga eining for utvikling av læring og undervisning som i dag har eit breitt spekter av tilbod om kompetansehevingstiltak, i tillegg til ansvar for studieprogrammet i Universitetspedagogikk.

Avdelinga skal både støtte opp om fakulteta og drive eigen aktivitet for å utvikle læring og undervisning. Aktiviteten har mellom anna merksemd på utvikling av forskingsbaserte kompetansehevingstilbod for utdanningsfagleg kompetanse hos undervisarar og læringskompetanse hos studentar. Nytt av 2022 har vore satsinga på universell utforming, og det å gjere undervisning og læring tilgjengeleg for flest mogleg. Satsinga har resultert i ein omfattande formidlingsaktivitet og kompetanseheving for å sikre at digitale læringsressursar skal bli universelt utforma. Læringslab er ei stor og viktig satsing ved høgskulen. Læringslab har avansert teknologi til utprøving og utlån for både studentar og tilsette, moderne studiofasilitetar, programvare for animasjon, redigeringsutstyr, dronar og mykje meir. Alt dette driv dei også opplæring på.

I arbeidet med oppfølging av den periodiske evalueringa av studieporteføljen i 2021 og for å kunne svare ut regjeringa sine forventingar til omprioriteringar innanfor ramma og flytting av ressursar mellom fagområde, må høgskulen utvikle gode styringsprinsipp. I 2022 blei desse signala og statusen drøfta i mange fora på ulike

nivå i organisasjonen, mellom anna i styreseminar. Det blir arbeidd vidare med utvikling av prinsipp for den overordna utviklinga av studieporteføljen våren 2023.

Dei fleste av studentane har i heile perioden frå 2018 til 2022 vore registrert som campus-studentar, det vil seie at undervisninga hovudsakleg har føregått på institusjonen. I perioden ser vi likevel ein relativt stor auke på tal studentar som er på studieprogram som er heilt nettbasert eller nettbasert med fysiske samlingar. I same periode har fleire av studieprogramma som var desentralisert blitt fasa ut, slik at tala her har gått ned og det i dag er att svært få program som har fysisk undervisning ein annan stad enn på ein av våre fem campus. Det er innanfor vidareutdanning på lærarutdanninga ein har det største omfanget av nettbasert undervisning, og frå hausten 2022 starta vi også opp ein nett- og samlingsbasert master i grunnskulelærer 1-7, som eit tiltak for å auke moglegheita for å kunne ta lærarutdanning uavhengig av kvar ein bur i landet.

År	2018	2019	2020	2021	2022
Desentralisert undervisning	385	400	350	295	205
Nettbasert undervisning	405	475	575	1425	1565
Undervisning ved institusjonen	15370	15715	15315	15855	15040


Tabell 9: Utvikling i tal studentar på ulike undervisningsformer (kjelde: DBH)

Prosentandelen av studentar som går på deltidsstudium har variert frå 25 til 30 prosent i perioden frå 2018 til 2022. I 2022 gjekk 72% av dei registrerte studentane på heiltidsprogram og 28 % prosent på deltid. Det er hovudsakleg master og etter- og vidareutdanningstilbod som blir tilbydd på deltid, men det blir jobba for å kunne tilby fleire fleksible ordningar på stadig fleire program.

Studentdata syner at halvparten av dei gjennomførte eksamenane hadde skriftleg skuleeksamen med tilsyn som vurderingsform i 2018, medan den andre halvparten var fordelt på vurderingsordningane oppgåve, heimeeksamen, munnleg, mappe og praktisk eksamen. Gjennom pandemien har dette endra seg betydeleg

sidan det då i all hovudsak ikkje var mogeleg å gjennomføre skriftleg skuleeksamen. I 2022 er det ei omfattande auke i bruk av oppgåve og heimeeksamen som vurderingsform, og tilsvarande nedgang i skriftleg skuleeksamen, som då låg på 37 %. Det blir interessant å sjå om denne endringa held fram også etter pandemien, eller om fleire vil velje skriftleg skuleeksamen for å få bukt med nye utfordringar kring digitale hjelpemiddel.

Vurderingsemner - Andel eksamenskandidater - vurderingsformer



Figur 2: Del eksamenskandidatar med ulike vurderingsformer (kjelde: Tableau).

I åra som har gått sidan 2018 har det vore lite endring i del studentar som har praksis i studiet. Den har vore litt i overkant av 50 %, med små justeringar kvart år. Her har fakulteta og dei ulike utdanningane svært ulikt utgangspunkt. Nokon har lenge hatt nasjonale krav om at det skal vere ein viss del praksis i studiet, medan andre utdanningar først i seinare år har byrja å fokusere på å innarbeide praksis og andre kontaktpunkt mellom arbeidslivet og studentane. Til dømes er det eit aukande samarbeid med bedrifter om bachelor- og masteroppgåver. Hausten 2022 starta første kullet på bachelor i nautikk med integrert praksis opp, som den første i Norge.

Fellesemnet Danning og akademisk handverk blei innført i dei første utdanningane hausten 2020, og har sidan då blitt innlemma i stadig fleire studieprogram på alle fakultet. Emnet er vurdert som eit viktig bidrag i arbeidet mot å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet og skal tene som eit introduksjonsemne til høgare utdanning for førsteårsstudentar. Evalueringar med tilbakemeldingar frå studentar og fagtilsette hausten 2022 viser at fleirtalet vurderer emnet til å fungere godt som introduksjonsfag. Det er samtidig ein del utfordringar med å tilpasse emnet til mange ulike studieprogram, særskilt dei med nasjonale retningslinjer og rammeplanar som har strenge krav til innhald og læringsutbytte.

Studentutveksling har variert i perioden 2018 til 2022. Åra 2020 og 2021 blei sterkt prega av pandemien, men tala for 2022 viser at høgskulen er på riktig veg. Under pandemien nytta høgskulen anledninga til å leggje til rette for meir studentutveksling, til dømes gjennom fornying av Erasmus+-avtalar, samt eit større arbeid med å digitalisere og forenkla utvekslingsprosessen gjennom utvikling av appen HVL Utveksling, som var klar til bruk hausten 2022. I 2022 blei det etablert ei stipendordning

for stipendiatar som skal sikre at stipendiatar har like moglegheiter til eit utanlandsopphald i løpet av forskarutdanninga. Formålet er at stipendet skal resultere i høgare kvalitet i arbeidet til stipendiatane og fleire internasjonale nettverk. Fleire har allereie nytta ordninga. Det blei òg for første gong arrangert eit Blended Intensive Programme (BIP). Tiltaket var ein del av eit emne og samla om lag 60 studentar frå Europa og USA. BIP er eit nytt element i Erasmus+ som kombinerer ein virtuell undervisningskomponent med kortare og meir fleksibel fysisk mobilitet, og som på den måten mogleggjer utveksling og internasjonal erfaring for fleire studentar, uavhengig av bakgrunn og studieprogram. Hausten 2022 blei det gjennomført ein pilot med aktiv avmelding på tre studieprogram, og planen er å inkludere fleire studieprogram i 2023. Dette er ei ordning kor utveksling er ein integrert del av studieprogrammet, og studenten sjølv aktivt må melde seg av utanlandsopphaldet. Dei ulike tiltaka har bidrege til at vi no er attende på tidlegare nivå, samstundes som vi legg til rette for ei vidare framtidig auke i studentutveksling.

Sidan årsskiftet 2019/2020 har høgskulen hatt eit særskilt fokus på internasjonalisering heime. Dette er eit viktig verktøy for å bidra til at alle studentar får eit internasjonalt perspektiv og global kompetanse. Det har blitt gjennomført workshops og seminar for tilsette om tematikken (sjå verksemdsmål 2.3). I perioden 2018-2022 er det bygd opp kompetanse knytt til utvikling og bruk av virtuell utveksling, og gjennom desse prosjekta har meir enn 200 studentar fått auka deira faglege og interkulturelle kompetanse.

Mål 3.2: HVL vil aktivt søke samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar spesielt der institusjonane har komplementær kompetanse. Eit særskild samarbeid med institusjonar på Vestlandet vil bidra til auka konkurransekraft i heile regionen.



Høgskulen er med i partnarskapet som skal forske fram nye hydrogenbaserte løysingar for energisektoren. Førsteamanuensis Velaug Myrseth Oltedal (lengst til høgre) er nestleiar for FME HyValue, og tok del då det nye forskingssenteret vart opna av olje- og energiminister Terje Aasland (foto: Aina Margrethe Berg).

Utvikling og overordna måloppnåing 2018–2022:

I tillegg til deltaking i kompetanseforum Vestland og Rogaland som er omtalt under mål 1.2, var det i 2022 igjen aktivitet i universitets- og høgskulenettet på Vestlandet (UH-nett Vest). Nettverket er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda, der NLA Høgskolen og VID vitenskapelige høgskole er assosierte medlemmer. Partane skal saman styrke regionen og i 2022 blei det arrangert ei større samling med fokus på oppfølging av Langtidsplan for forskning og høgare utdanning.

Det har ikkje vore eigne møte med UiB om lærarutdanning sidan 2020, då ein såg at det i dagens modell for grunnskulelærarutdanningar ikkje var mogleg å utvide samarbeidet med tilbod om fag på tvers av institusjonane. Begge institusjonane samarbeider likevel gjennom andre fora både nasjonalt og på Vestlandet, som t.d. samarbeid om desentralisert kompetanseutvikling i skulen (DeKomp), Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet (UH-nett Vest) og Universitets- og høgskolerådet (UHR). Høgskulen har fått tildelt midlar til å leie nasjonale prosjekt for å styrke rekruttering til barnehage- og grunnskulelærarutdanninga i samarbeid med Høgskolen i Innlandet (INN), Norges arktiske universitet (UiT) og Nord universitetet. (Sjå nærare omtale av prosjekta under Midlar tildelt over andre kapittel på slutten av dette kapitlet.)

Høgskulen er for tida vertskap for nettverksorganisasjonen Utdanning i Bergen. Dette er ein strategisk nett-

verksorganisasjon som legg til rette for samarbeid og kompetansebygging mellom alle utdanningsinstitusjonane i Bergen, kommune, fylke, studentar og næringsliv i regionen. Her blir det jobba for å utvikle og styrke Bergen sin posisjon som kunnskaps- og studentby, både ved å rekruttere motiverte studentar til å velje Bergen som studieby og ved at dei blir verande i regionen etter at dei er ferdig utdanna.

Høgskulen deltek i faste møte i Regionalt samarbeidsorgan for utdanning, som er eit samarbeidsorgan mellom Helse Vest RHF og universiteta og høgskulane i helse-region vest om forskning, innovasjon og utdanning. Det er også etablert møtepunkt mellom høgskulen, Helse Bergen, Haraldsplass og VID. I tillegg har vi samarbeid med VID og UiB, der vi blant anna har utarbeida to SFU-søknadar i 2022. Det er også tatt initiativ til eit tett samarbeid med Universitetet i Stavanger innanfor helsefag.

Gjennom samarbeidet med Energiomstilling Vest (EOV) får høgskulen styrka samhandlinga med dei andre FoU-institusjonane i regionen. Eit godt eksempel på dette er FME HyValue som starta opp hausten 2022, der EOVI var initiativtakar for ein felles søknad på tvers av alle FoU-partnarane. Her er fleire fagmiljø ved høgskulen involvert i arbeidet, både som leiarar og nestleiarar av arbeidspakkar, nestleiar for senteret og aktivitet i fleire arbeidspakkar. Hausten 2022 blei også høgskulen kopla på eit prosjekt leia av Sustainable Energy, der EOVI er samarbeidspartnar, knytt til utvikling av mindre kursmodular for maritim industri retta mot grøn omstilling.

3. Verksemdsmål

Tabellen under viser status for prioriteringane knytt til dei ulike verksemdsmåla for 2022. Dette må sjåast i samanheng med det som er skrive under utviklingsavtalen, då høgskulen i interne dokument og prosessar har integrert verksemdsmåla og måla i utviklingsavtalen under fire ulike strategiområde.

Verksemdsmål 1: HVL skal vere kjend for å ha studentar som trivst og lukkast.	
Prioritering (jf. årsplan 2022)	Status
1	<p>Sikre gode og innovative læringsmiljø, møteplassar og arenaer for medverknad i ein meir digital studiekvardag, med særskild merksemd på førsteårsstudentane.</p> <p>Studentassistentordninga med særleg merksemd på førsteårsstudenten er vidareført, der målsettinga er at sosial og fagleg integrasjon skal fremje gode inkluderande læringsmiljø og møteplassar for dei nye studentane. Det er etablert egne erfaringsutvekslingsmøte for studentar og tilsette for å følge opp ordninga, eit eige opplæringsprogram og digitalt studiemeistringsemne. Hausten 2022 blei det i tillegg gjennomført to digitale studiemeistringskurs med rundt 1000 deltakarar.</p> <p>Biblioteket har auka talet på skriverettleiarar (studentar som rettleiar andre studentar i skriving) og auka opp tilbodet om fysiske og digitale rettleiingstenester på alle campusane. I 2022 blei også alle biblioteka "meiropne", dvs. tilgjengelege for studentar og tilsette i heile høgskulen si opningstid.</p> <p>Læringsmiljøutvalet (LMU) hadde fire møte i 2022, inkludert eit fellesmøte med Utdanningsutvalet. Ei sentral sak som LMU er opptekne av kvart år er både planlegging og evaluering av studiestarten, særskilt mottak av nye studentar og organisering av fadderveka og studentassistentordninga.</p> <p>Hausten 2022 kom resultatata i Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT). Eit av dei sentrale funna her var auke i tal studentar som opplever at dei er einsame, og ein tendens om at dei som slit frå før, no melder om at dei slit enda meir. LMU har hatt mykje fokus på oppfølging av SHoT, og diskutert ulike tiltak. Mellom anna er studentareala på campus sentrale når det kjem til trivsel og læringsmiljø, og LMU diskuterte korleis vi kan utnytte areala betre og nå ut med informasjon om moglegheiter og tilbod på kvart campus. I arbeid med oppfølging av handlingsplan for inkluderande læringsmiljø blei det også jobba særskilt med temaområda pedagogiske læringsmiljø og læringsmiljø for nett- og samlingsbaserte studium.</p> <p>LMU er opptekne av å løfte eit felles samarbeid mellom høgskulen, samskipnaden og studentting/studentorganisasjonar, som alle er sentrale aktørar i arbeidet med studentar sitt læringsmiljø.</p>

2	<p>Sikre universell utforming av alle digitale løysingar retta mot studentar, både på programvare og innhald.</p>	<p>Ansvar for universell utforming i digitale løysingar og pedagogisk programvare er samla i ei eining som har ansvar for drift av høgskulens læringsplattform, Canvas, ei rekke pedagogiske programvarer og tenester og universell utforming av IKT-løysingane ved høgskulen. Det har blitt jobba med korleis alt dette kan nyttast i ein pedagogisk samanheng, og i 2022 har det vore omfattande formidlingsaktivitet i egne workshops, på instituttmøte og i andre kurs og kompetansetilbod.</p>
3	<p>Halde fram offensiv og målretta satsing på studentrekruttering til alle campus, med ekstra fokus på utvikling av digital rekrutteringsstrategi.</p>	<p>Høgskulen jobbar kunnskapsbasert og analytisk i satsingane knytt til studentrekruttering, med grunnlag i eksempelvis ei årleg rekrutteringsundersøking til nye studentar, og opptaksrapport som analyserer og vurderer trendar og utvikling i søkartal og søkargrunnlag. Rekrutteringsundersøkinga blei hausten 2022 vidareutvikla og for første gong sendt til alle våre etter- og vidareutdanningsstudentar. Vi har ei brei strategisk tilnærming til digital rekruttering og har hatt ekstra fokus på søkemotoroptimalisering av studietilbodsidene. Utviklinga av nettsider, sosiale kanalar og vår digitale marknadsføring blir jamleg tilpassa endringar både i brukaråferda til målgruppene og i sjølve medieplattformene og kanalane.</p>



Verksamdomsmål 2: HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Prioritering (jf. årsplan 2022)		Status
1	Sikre relevante utdanningar ved å følgje opp dei formelle samarbeidskanalane som finst, ved etablering og vidareutvikling av studieprogram.	Kvalitetsarbeidet har formelle krav som sikrar involvering frå praksis- og arbeidsfeltet, gjennom mellom anna representasjon i studieprogramråd som skal følgje opp kvaliteten og relevansen i etablerte studieprogram, og studieplankomitear som jobbar med utvikling av nye. I tillegg har vi også formelle krav om bidrag frå eksterne fagfellar i akkreditering av nye program og periodiske evalueringar av studietilbodet.
2	Sikre eit relevant og tilstrekkeleg tilbod av fleksible utdanningar, og etter- og vidareutdanning.	Alle fakulteta har studietilbod som har ei fleksibel undervisningsorganisering som nett- og samlingsbasert med få samlingar på campus, og som fører fram mot bachelor- eller mastergrad. Alle fakulteta tilbyr vidareutdanningar og enkeltemne som er nett- og samlingsbasert, eller heilt nettbasert. Nokre tilbod er desentralisert. Dei fleksible utgåvene av studieprogramma er generelt populære, og vi ser vi når fleire søkararar med desse tilboda. Dette gjeld til dømes både årsstudium og bachelor i historie, der dei nettbaserte programma dei siste åra har vist seg å vere eit godt verkemiddel for å fylle ledige studieplassar frå den campusbaserte utdanninga.
3	Sikre at alle studentar får ein internasjonal dimensjon i studieprogram.	<p>I tillegg til arbeid med å auke talet studentar som dreg på utveksling har det vore stort fokus på andre måtar studentane kan få ei internasjonal erfaring gjennom studia.</p> <p>Som ein del av satsinga på internasjonalisering heime blei Forum for internasjonalisering heime oppretta hausten 2022. Forumet skal bidra til intern nettverksbygging, utveksling av erfaringar og ha fokus på kvalitetsutvikling gjennom å sikre ein internasjonal dimensjon i studieprogramma.</p> <p>Fokus på Collaborative Online International Learning (COIL) har òg blitt vidareført i 2022, med tildeling av midlar til tre prosjekt i 2022. Ved campus Stord har det òg blitt arrangert eit internasjonalt COIL-symposium for erfaringsdeling og kompetansebygging hos vitenskapleg tilsette. På nasjonalt nivå tok høgskulen initiativ til å etablere eit nasjonalt COIL-forum kor òg HK-dir deltek. Internasjonalt har høgskulen blitt medlem i eit internasjonalt COIL-nettverk.</p>
4	Arbeide for auka studentmobilitet, og prioritere satsing på Erasmus+ avtalar.	Høgskulen har utvikla og tatt i bruk appen HVL Utveksling som gjer det enkelt for studentane å finne informasjonen dei treng og å følgje prosessen undervegs. Parallelt blei det òg utvikla eit sakshandsamingssystem som er kople saman med appen. I dette systemet skjer sakshandsaming og oppfølging av utreisande utveksling. Appen blei pilotert hausten 2021 og våren 2022, og fekk gode tilbakemeldingar frå brukarane. I samband med appen har det vore eit særskilt fokus på utvikling av førehandsgodkjente emnepakkar som er lagt inn i appen for å senke tersklane for utveksling ytterlegare. Høgskulen har etablert ei stipendordning for stipendiatar som er meint å stimulere til at fleire reiser på utanlandsopphald (sjå utviklingsavtalen mål 3.1 for meir informasjon om ordninga). I 2022 blei høgskulen med i eit Erasmus+ samarbeidspartnarskap, Millions of Erasmus Grants (MEGA), der målet er å lette sakshandsaminga av Erasmus+-stipend for alle høgare utdanningsinstitusjonar i Europa.

Verksamsmål 3: HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentlig sektor.

Prioritering (jf. årsplan 2022)	Status
<p>1 Ei meir solid forskarutdanning, og god gjennomstrøyming i ph.d.-programma.</p>	<p>Høgskulen har fire eigne ph.d.-program, og ein ph.d.-fellesgrad som er eit samarbeid med tre andre norske UH-institusjonar. Tilstøyminga av studentar har vore god for alle ph.d.-programma, og ved utgangen av året er det registrert 192 ph.d.-studentar. Høgskulen hadde i 2022 11 mellombels finansierte og 84 fast finansierte rekrutteringsstillingar frå KD. Dei faste rekrutteringsstillingane er øymerkt til ph.d.-programma slik at fordelinga støttar opp under universitetsambisjonen. Dei resterande stipendiatstillingane er hovudsakleg finansierte av eigne strategiske midlar og midlar frå Forskningsrådet (NFR). Om lag 13 % av ph.d.-studentane er finansierte av andre enn HVL og NFR. Dette gjeld stipendiatar tilsett ved andre høgskular, forskingsinstitutt eller helseføretak, eller HVL-stipendiatar som er finansierte av andre eksterne finansieringskjelder enn NFR.</p> <p>I 2022 blei det for første gong gjennomført disputas i ph.d.-programma Nautiske operasjonar og i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. Totalt blei det avlagt 15 doktorgrader i eigne ph.d.-program i 2022. Dette talet er noko lågare enn venta (15 av 20), og forseinkinga skuldast at færre enn forventade har levert inn avhandling og at nokre av dei forventade disputasane av ymse årsaker er lagt til tidleg 2023 i staden for seint 2022. På dei fire eigne ph.d.-programma har ein nådd målet om i gjennomsnitt å ta opp minst 15 stipendiatar over ein periode på fem år, og i ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar har ein nådd målet om å uteksaminere minst 5 doktorandar per år over ein tre-årsperiode.</p>



I 2022 blei den første doktorpromosjonen arrangert. Promosjonen var ei høgtidleg feiring av dei første doktorane utdanna ved høgskulen.

2	Auka vekst i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon.	Høgskulen har vore aktiv både innanfor Forskningsrådet, dei europeiske rammeprogramma Horisont Europa og Erasmus+, men nyttar også andre finansieringsordningar for finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 2.2).
3	Arbeide for å auke den vitenskaplege publiseringa.	<p>Alle fakulteta har gjennomført ulike tiltak for å auke den vitenskaplege publiseringa. Det er brukt ulike insentiv som publiseringstipend, kompetansestipend, utanlandsstipend og tildeling av ekstra forskningstid etter søknad. Andre tiltak som er sett i verk er kurs i akademisk skriving og vitenskapleg publisering, mentorordning for samskriving og sampublisering, stimulering til sampublisering mellom masterstudentar, stipendiatar og rettleiarar, sterkare involvering av professor II og internasjonale nettverkskontaktar i sampubliseringar, inkludering av fleire medarbeidarar i prosjekt og publiseringsarbeid, bygging av forskingskultur internt og rekruttering av internasjonale forskarar med sterk publiseringssportefølje inn i forskingsprosjekt eller faste stillingar.</p> <p>Biblioteket arbeider også med å hjelpe forskarar i publiseringsprosessen, ved mellom anna å arrangere regelmessige "shut up and write"-økter for stipendiatar og forskarar ved alle campusane, halde kurs og rettleie i akademisk skriving, tilby publiseringstøtte for å sikre at publikasjonar gir uttelling i form av publikasjonspoeng og bidra med litteratursøk til kunnskapsoppsummeringar.</p>
4	Auke merksemda på open forskning.	<p>Frå 2021 til 2022 har aktiviteten i høgskulen sitt Open Access-fond auka litt, frå 103 til 121 innvilga søknadar. I tillegg aukar talet på opne publiseringar gjennom «Publiser og les»-avtaler med ulike forlag.</p> <p>Høgskulen har også arbeidd systematisk med å auke eigenarkivering av artiklar i institusjonelt arkiv, men her er det framleis eit forbettringspotensial.</p> <p>I 2022 vedtok høgskulen ein ny policy for open deling av forskingsdata/Open data.</p> <p>Høgskulen var i oktober 2022 hovudansvarleg for «Open access week» i Noreg, eit årleg arrangement med digitale foredrag med tema knytt til open forskning, open publisering og deling av forskingsdata. Arrangementet er eit samarbeid mellom fleire fagbibliotek i Noreg.</p>
5	Legge til rette for både fleire offentlege ph.d. og nærings-ph.d.	Forskningsrådets ordningar for offentleg-ph.d. og nærings-ph.d. styrker samspelet mellom studentar og arbeidslivet i regionen, og understøttar strategien om å vere ein høgskule med tett samarbeid med offentleg sektor og næringsliv. Ved utgangen av 2022 hadde høgskulen til saman sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar (to nye i 2022) og ein nærings-ph.d.-kandidat.

Verksemdsmål 4: HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon.

Prioritering (jf. årsplan 2022)		Status
1	Arbeide strategisk med internasjonalisering i heile organisasjonen.	<p>Det har blitt jobba med måla i handlingsplanen for internasjonalisering for 2021-23, både gjennom styrets årsplan og årsplanar i fakulteta og i einingane, og ei statusoppdatering kring dette arbeidet blei presentert i ei eiga styresak i 2022. Internasjonalisering har òg vore tema i saker i andre delar av organisasjonen. Til dømes har engelskspråklege emne og tilbodet til internasjonale studentar blitt inkludert i ei styresak om den samla studieporteføljjen. Det har blitt utarbeidd interne kunnskapsgrunnlag om arbeidsrelevans og berekraft knytt til internasjonalisering. Sistnemnde blei publisert i European Association for International Education (EAIE) Forum 2022. Eigne handlingsplanar og prosjekt kring internasjonalisering er under arbeid i nokon av fakulteta.</p> <p>Arbeidet med Forskaren i fokus - Charter and Code har i 2022 engasjert medarbeidarar frå ulike delar av organisasjonen (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 2.1).</p>
2	I større grad delta i internasjonale nettverk og utvikle internasjonale samarbeid og partnerskap som styrker kvalitet i både forskning og utdanning.	<p>Det er starta ein prosess der ein kartlegg dei viktigaste internasjonale nettverka på fakultets- og institusjonsnivå, og det blir jobba med i større grad å forankre deltakinga i dei institusjonelle nettverka, mellom anna med tanke på å auke utteljinga i EU-programma. Høgskulen har markert seg som ein aktiv deltakar i EAIE med ein publikasjon om berekraft og internasjonalisering og pris for beste poster, som omhandla appen HVL utveksling, under den årlege konferansen. I tillegg til deltaking i Millions of ERasmus Grants (MEGA) har høgskulen hatt styreleiarvervet i Southern-African Nordic Centre (SANORD-nettverket) dette året.</p> <p>Høgskulen søkte om Europeiske universitet i 2022, og vil søke på nytt i 2023 saman med europeiske samarbeidspartnarar. Dersom søknaden blir innvilga vil dette bli eit svært viktig nettverk (sjå omtale under utviklingsavtalen mål 2.2).</p>
3	Auke bruken av digitale løysingar og verktøy i internasjonaliseringsarbeidet.	Høgskulen har utvikla appen HVL Utveksling der studentar søker om utveksling (jf. verkemdsmål 2.4). Hausten 2022 tok alle studieprogramma i bruk den nye løysinga, med vidare planar om utvikling tilknytt avtaleportefølje.

Verksemdsmål 5: Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar og er ein relevant samarbeidspartnar for arbeids- og samfunnsliv.

Prioritering (jf. årsplan 2022)		Status
1	Velje ut sentrale klynger og nettverk og sikre deltaking og oppfølging.	<p>Høgskulen har hatt gjennomgang av økonomiske plikter til samarbeidspartnarar.</p> <p>Det går føre seg arbeid med å utvikle policy for deltaking og oppfølging som vil gi tydelegare retning på ressursdisponering, både i form av arbeidstid og direkte kostnader. (Sjå elles omtale under utviklingsavtalen målområde 1.)</p>

2	Gjennomføre profileringskampanjer regionalt, nasjonalt og internasjonalt.	Profilerings- og studentrekrutteringsarbeidet har blitt styrka ved å auke kunnskapsgrunnlaget om “kundane våre” og deira kanalbruk. Nye sosiale medium har blitt tatt i bruk, informasjon på nettsider er tydeleggjort, og det har vore fokus på synlegheit og forskingsformidling. Ein større profileringskampanje har blitt utsett for å knytte den nærmare opp til universitetsstatusen.
3	Utvide kunnskapsgrunnlaget for universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil gjennom interne og eksterne konferansar, seminar og møtepunkt.	Gjennom året har det vore stor aktivitet både på eigne konferansar og seminar med utgangspunkt i eigne forskingsmiljø, og deltaking på små og store lokale, regionale, nasjonale og internasjonale arenaer som til dømes: MOR-konferansen, Arendalsveka , One Ocean Expedition, EUA2022 og HVL-konferansen

Verksemdsmål 6: HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling.

Prioritering (jf. årsplan 2022)		Status
1	Sikre insentiv og kapasitet for samarbeid og samskaping med våre samarbeidspartnarar.	<p>Prorektor og prodekanar med ansvar for regional utvikling ved alle fakultet og samfunnskontaktar ved alle campus har faste møte for å sikre gjensidig informasjon, forankring og involvering for å følgje opp eksterne initiativ.</p> <p>Konkrete samarbeidsprosjekt med oppfølging av initiativ og idear ligg i hovudsak til vitenskaplege stillingar, og der ulike delar av administrasjonen støttar opp om den faglege aktiviteten.</p>
2	Utarbeide og følgje opp tiltak knytt til kompetansereforma - Lære heile livet.	Livslang læring er eit sentralt prinsipp for utvikling av studieporteføljen. Høgskulen har fått gjennomslag i fleire tilskotsordningar hos både Udir og HK-dir for å utvikle og gjennomføre bransjeprogram, fleksible og desentraliserte utdanningar (fleire fagområde) og vidareutdanningar for oppvekstfeltet. Det har vore ei sterk auke på dette området, jamfør tabell 9.

Verksemdsmål 7: HVL skal vere ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.

Prioritering (jf. årsplan 2022)		Status
1	Styrke den digitale transformasjonen på områda utdanning, forskning og administrasjon.	<p>I 2022 har det vore fokus på å forenkle kvardagen for undervisaren, gjennom både å legge til rette og heve kompetansen om fagleg bruk av teknologi i undervisning. Etableringa av læringslabar og at ein har fått fastsett ein grunnstandard for kva ein undervisar må kunne når det gjeld bruk av teknologi i undervisninga har vore viktig.</p> <p>Utviklinga av ein virtuell assistent - kalla MIME - for studentar har gjort det enklare for studenten å sjølvbetene seg om informasjon knytt til ulike sider av det å vere student. Ein tilleggseffekt er at vi fekk starta ein prosess der vi som organisasjon er blitt samkøyrt og medvitne om gevinstar av å arbeide på tvers av administrative fagmiljø til beste for studenten. Prosjektet har no fått både nasjonal og internasjonal merksemd.</p>

		<p>På forskingssida er det også under utvikling applikasjonar knytt til eksternfinansierte prosjekt og til administrative oppgåver i ph.d.-forløp.</p> <p>Det har blitt jobba med utvikling av sensorportalen sidan 2020, og i 2022 blei portalen utvida med digitale løysingar for handtering av sensorkontrakt og honorarskjema for eksterne sensorar. Det er forventa at sensorportalen samla sett vil gi både betre datakvalitet og vesentleg effektivisering av arbeidet for både administrasjon og vitenskapleg tilsette.</p> <p>Innanfor rekneskap er det utvikla ein ny faktureringsportal som har blitt godt motteke.</p>
2	Arbeide målretta og ha høg kompetanse og universell digital utforming, både tekniske krav og universell tilrettelegging av digital utdanning.	Høgskulen har iverksett eit arbeid og kursing i universell utforming i det digitale rom. I 2022 er det prioritert ressursar til å satse på universell utforming av IKT-løysingane våre og det digitale læringsmiljøet. Det er også laga ei nettside med støttmateriell for korleis vi kan oppfylle krava til universell utforming. Dette er svært viktig for inkludering blant våre studentar.
3	Etablere struktur for å bruke data om studentane i arbeid med forbetring av utdanning.	Gjennom studieløpet svarar studentane på mange undersøkingar med ulike spørsmål om opplevd kvalitet og fagleg utbytte på både emne og studieprogram, samt syn på fagleg og sosialt læringsmiljø. Desse undersøkingane gir høgskulen eit stort tilfang på data, som vi ønskjer å nytte oss av i enda større grad. Vi er i gong med eit arbeid for å sjå undersøkingane i samanheng og slik få eit større bilete på kva som påverkar kor nøgde studentane er med studieprogrammet dei går på, i tillegg til å syne utviklinga over tid og forsøke å forklare korleis enkeltfaktorar i studentopplevinga påverkar den overordna tilfredsheita med studieprogrammet. Dette er godt motteke av studentdemokratiet, då studentane har sakna å sjå korleis undersøkingane blir nytta.
4	Styrke den brukarorienterte tenesteutviklinga av dei administrative tenestene.	Fokuset på digitalisering, robotisering og automatisering har blitt høgare. Dette har vore med på å effektivisere, automatisere og forenkle ulike prosessar.
5	Vidareutvikle eksternt samarbeid, styrke høgskulen sin posisjon i regionen og synleggjere HVL som ein vesentleg kunnskaps- og kompetanseaktør.	Det er etablert faste møtepunkt med relevante samarbeidsaktørar, som kommunar/KS, helseføretak, klynger, nettverk og enkeltverksemder. Desse samarbeidsarenaene blir brukt til å utvikle utdanningane og forskinga i tråd med behova i regionen. Systematisk kommunikasjonsarbeid, mellom anna gjennom å løfte fram universitetsambisjonen, støttar opp om arbeidet med å synleggjere høgskulen sin posisjon.
6	Vurdere å ta ei tydeleg rolle på nasjonale arenaer for digitalisering og utdanning.	Høgskulen deltek i UH-IT som er eit samarbeidsforum for IT-leiarar i UH-sektoren. UH-IT er eit rådgivande organ som skal arbeide for at universitet og høgskular har ein felles IT-infrastruktur og felles tenestetilbod.

Verksemdsmål 8: HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusane.

Prioritering (jf. årsplan 2022)	Status
<p>1 Vidareutvikle ordningar og system for strategisk kompetanseutvikling og tilsetterekruttering.</p>	<p>I 2022 tilbydde høgskulen leiarutviklingsprogrammet VINN VINN til mellomleiarane. Dette er eit kompetanseutviklingsprogram for linjeleiarar i relasjonell kompetanse, kommunikasjon og forhandling, levert av AFF.</p> <p>Arbeidet med å utvikle eit system for langsiktig planlegging av kompetansebehov og – utvikling har starta. I systemet vil det vere mogleg å søke etter kompetanse på tvers i organisasjonen, og systemet kan dermed bidra til meir effektiv ressursbruk og samhandling på tvers i organisasjonen.</p> <p>Det er innført ei meritteringsordning med mål om å stimulere til auka undervisningskvalitet og å gi utdanningsfagleg kompetanse auka status. Første utlysing til meritteringsstatus kom i 2021, med påfølgjande tildeling av status som merittert undervisar til fem av søkarane i 2022.</p>
<p>2 Vidareutvikle og forbetre det systematiske HMS-arbeidet.</p>	<p>Det blir arbeidd kontinuerleg med det systematiske HMS-arbeidet. Prosessar, rutinar og prosedyrar knytt til HMS-arbeidet blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for alle i personalhandboka. Det er jamleg møte i og med vernetenesta, og det blir gitt nødvendig opplæring. Arbeidet med å skaffe eit nytt avvikssystem er godt i gang.</p> <p>Døme på systematisk HMS-arbeid er; utarbeiding av handlingsplanar etter gjennomføring av ARK-undersøkinga i 2021, vi har fått på plass nye rutinar for vernearbeidet og policy for AKAN.</p>
<p>3 Vidareutvikle arbeidsgjevarpolitikken gjennom godt partssamarbeid og høg grad av medverknad i organisasjonen.</p>	<p>Det blir arbeidd kontinuerleg med å utvikle partssamarbeidet på institusjonsnivå og i fakulteta/fellesadministrasjonen og gjennomført årleg evaluering av partssamarbeidet på institusjonsnivå.</p> <p>Tilpassingsavtalen skal reviderast i 2023 som følge av ny hovudavtale. Avtalen som er utarbeidd i samarbeid med partane skal sikre at medrårerett og medverknad blir praktisert på alle nivå i organisasjonen.</p>
<p>4 Styrke innsatsen med å rekruttere og leggje til rette for tilsette internasjonalt.</p>	<p>Høgskulen sitt prosjekt Forskaren i fokus - Charter and Code har blitt prioritert i 2022 (sjå også omtale under utviklingsavtalen mål 2.1).</p> <p>Høgskulen har auka bruken av internasjonale rekrutteringskanalar.</p> <p>Tilsette som er rekruttert frå utlandet og som treng opplæring i norsk får tilbod om å delta på offentlege kurstilbod i norsk språk. 58 av våre tilsette deltok på slike kurs i 2022. Det er arbeidd med eit introduksjonskurs om høgskulen på engelsk, som vil vere ferdig i 2023. Mykje informasjon er gitt på engelsk på vårt intranett, mellom anna ulike brukarhandbøker, og dette er eit pågåande arbeid. Ei engelsk nettside med informasjon innan HR-feltet er under utarbeiding. Det blir fokusert på kva internasjonale tilsette må gjere før dei kjem til Norge, og den første tida etter ankomst (eks. ID-nr, skattekort, bank etc.)</p>

5	Sikre at HR-policy er i samsvar med auka behov for deling av element brukt i undervisning i og på tvers av institusjonar.	Politikk for immaterielle rettigheter (IPR) og retningslinjer for IPR blei utarbeidd i 2021. IPR-politikken er tenkt å ligge mest mogleg fast over tid for å sikre likehandsaming, mens IPR-retningslinjene i større grad kan tilpassast og reviderast i tråd med viktige endringar i sektoren og/eller endringar som følgjer av lov.
---	---	---

Tabell 10: Rapportering på høgskulen sine verksemdsmål

4. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma.

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren la grunnlaget for ein omfattande reform i UH-sektoren. Bakgrunnen var små, sårbare fagmiljø, spreidde og små utdanningstilbod, samla låg deltaking på internasjonale arenaer for konkurransebasert finansiering og lite internasjonal publisering. Regjeringa ønska å samle ressursane på færre, men sterkare institusjonar, med tydelege faglege profilar, men behalde mangfaldet i sektoren.

Med utgangspunkt i dette fastsette regjeringa seks mål med tilhøyrande indikatorar, og høgskulen er bedt om å rapportere på måla og indikatorane i tabellen under. Desse måla og indikatorane er i stor grad overlappande med mål og parameter omtalt tidlegare i kapittel III under sektormål, nasjonale styringsparameter, utviklingsavtalen og verksemdsmåla. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma blir derfor ikkje omtalt utover resultattabellen under.

Mål og indikatorar	Resultat		Måltal
	2018	2022	2025
1. Utdanning og forskning av høg kvalitet			
Vitskapeleg publisering: publikasjonspoeng per faglege årsverk ¹³	0,5		1,0
Tildeling frå NFR per faglege årsverk (1 000 kr)	42	61,08	75
Tildeling frå EU per faglege årsverk (1 000 kr)	3	11,16	12
Del årsverk i førstestillingar av faglege tilsette (%)	53	60	65
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (skala 1-5)	3,9	3,64	4,2
Tal avlagte doktorgrader	0	15	35
3. God tilgang til utdanning og kompetanse over hele landet			
Tal studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	790	1769	950
4. Regional utvikling			
Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per faglege årsverk (1 000 kr)	94	125,9	130
5. Verdsleiarande fagmiljø			
Del internasjonalt samforfattarskap (%) ¹⁴	46		50
6. Effektiv ressursbruk			
Del administrative stillingar av totalt tal årsverk (%)	21	21	20

Tabell 11: Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma.

¹³ Resultat 2022 blir publisert i april 2023. Sjå omtale i kapittel III.

¹⁴ Resultat 2022 blir publisert i april 2023. Sjå omtale i kapittel III.

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskulen har ingen pågåande større bygge- eller rehabiliteringsprosjekt. På campus Bergen opna eit nytt bygg i august 2020. Bygget er med sine moderne undervisningslokale godt likt av studentar, tilsette og besøkande og bidreg til å styrke utdannings- og forskingsaktivitetane. Frå opninga og til og med starten av 2022 var det få studentar og tilsette ved campus som følgje av at det framleis var restriksjonar knytt til pandemien. Dette gjer at det framleis blir for tidleg å gjere konkrete vurderingar mot prosjektet sine mål. Sjå elles omtale av større byggeprosjekt i kapittel IV.

Midlar tildelt over andre kapittel

Tildelte midlar til maritim kompetanseheving – MARKOM2020 og MARKOM2021

MARKOM2020, som i 2021 blei kalla MARKOM2021, var eit nasjonalt prosjekt som bidrog til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet var eigd av NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Sørøst-Norge og UiT – Norges arktiske universitet og var finansiert over statsbudsjettet til det formelt blei avslutta ved utgangen av 2021. Frå overføringar i 2020 og 2021 hadde høgskulen tilgjengeleg midlar frå MARKOM tilsvarande 6,9 mill. kr. Dette var løyvd til utvikling av pilot I og pilot II på studieprogrammet Bachelor of Maritime Management (BAMM) som blir gjennomført over fleire år, frå første år i 2019 til siste år i 2025. I 2022 er det brukt om lag 5 mill. kr. av MARKOM-midlane, der 2,4 mill. kr. er overført til UiT, NTNU og USN for deira bidrag i pilot I og pilot II i heile prosjektperioden (fram til 2025). Om lag 1,8 mill. kr. blir overført til seinare år for å drifte dei to BAMM-prosjekta.

Ingeniørutdanning på Stord, Stordmodellen – Kap. 260, post 50

Høgskulen fekk i 2020 tildelt 5 mill. kr. og i 2021 nye 5 mill. kr. til utvikling og oppstart av ingeniørutdanning på Stord. Fleirtalet av kandidatane som skulle starte på Stordmodellen mangla dei kvalifiserande realfaga. Eit nett- og samlingsbasert realfagskurs med samlingar på Stord blei derfor starta opp hausten 2021. Rundt 25 deltakarar deltok på dette kurset frå oktober 2021 til juni 2022. Parallelt med dette jobba høgskulen med å utvikle studieprogrammet i Stordmodellen, som skulle starte opp hausten 2022. Dessverre var det få kandidatar som kvalifiserte seg for opptaket 2022 og ein blei i samråd med industrien på Stord einige om å utsetje første opptak til hausten 2023. Studieåret 2022 – 2023 har ein jobba med å få fleire kandidatar gjennom realfagskurset, samt å ferdigstille emne for oppstart hausten 2023. Det er per no brukt om lag 1,07 mill. kr. av midlane.

Supplerande tildeling til studentassistentar – Kap. 260 post 50

Dei tildelte midlane blei fordelt mellom våre fakultet ut frå tal studentar per fakultet (4 952 000) og ein sum til fellestenesta for utdanning (700 000). Fakulteta har i all hovudsak nytta sine tildelte midlar til å vidareføre ordninga med studentassistentar. Det meste har gått direkte til lønn og til prosjektstyring og drift av studentassistentordninga, men også til ulike studentarrangement på campusane. Studentassistentane har hatt både ei fagleg og ei sosial rolle. I tillegg har nokre av fakulteta hatt fokus på ulike tiltak for å få studentane tilbake på campus. I fellestenestene for utdanning har midlane gått til å lønne ein prosjektmedarbeidar i 50 % stilling, med fokus på å få opp studentengasjementet på campusane. Vi har også tilbydd digitale kurs i studiemeistring på alle fem campus, og arrangert ein fagdag for studiekonsulentane med fokus på rettleiing. Dei tildelte midlane er brukt opp, med unntak av på eitt fakultet som har overført resterande midlar til lønn til studentassistentar for 2023.

Supplerande tildeling til sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanning – Kap. 260 post 50 (14 studieplassar)

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2022, kap. 260, post 50 og 70 i supplerande tildelingsbrev ein auke i studieplassar til sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanninga, totalt 669.000kr. Institusjonane skulle prioritere vidareutdanningar for jordmødrer, helsesjukepleiarar og ABIOK-sjukepleiarar. Høgskulen fekk tildelt 14 KD-finansierte studieplassar, der åtte av desse plassane blei fordelt til sjukepleie og dei seks andre studieplassane til ABIOK og helsesjukepleie. I tillegg måtte vi auke opptaket med 30 studieplassar på sjukepleie, finansiert gjennom eige budsjett. Dei ekstra studieplassane blei fordelt mellom fleire campus på bakgrunn av tilgang til praksisplassar.



Rekruttering til lærarutdanninga – Kap. 281, post 01, kap. 226, post 21, kap. 226, post 72, kap. 226, post 22

Høgskulen fekk i 2019 tildelt 5 mill. kr. på kap. 281 post 01 til gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7. Høgskulen har sidan januar 2020 leia eit nasjonalt tverrinstitusjonelt rekrutteringstiltak for å få fleire menn til å velje lærarutdanning for dei yngste elevane. Departementet ønska å bygge ut målgruppa til mellom anna å omfatte mannlege søkarar til barnehagelærarutdanning og søkarar med innvandrarbakgrunn til lærarutdanning. Høgskulen fekk tildelt 6 mill. kr. i supplerande tildeling i 2020 på kap. 226 post 21 til rekruttering til grunnskulelærarutdanning og barnehagelærarutdanning. I 2021 fekk høgskulen 5 mill. kr. som supplerande tildeling på kap. 226 post 72 til nasjonalt prosjekt for rekruttering til lærarutdanning og i statsbudsjettet 2022 kap. 226, post 22 6 mill. kr som supplerande tildeling.

Tildelingane skal styrke rekruttering til lærarutdanning og bidra til positiv omtale av læraryrket. Det er oppretta styringsgruppe, referansegruppe, tilsett prosjektleiar og kommunikasjonsrådgiavar som skal ivareta det nasjonale

informasjonsarbeidet. Det er inngått samarbeid med Høgskolen i Innlandet (INN), Norges arktiske universitet (UiT) og Nord universitetet. Så langt er det utvikla eit mentorprogram for studentar som rollemodellar. Rollemodellane skal besøke elevar i vidaregåande skular og folkehøgskular i heile landet. Hensikta er å endre kjønnsstereotypiske oppfatningar og gjennom dette påverke utdannings- og yrkesval. Prosjektet har initiert og tatt i bruk relevant forskning i informasjonsarbeidet. Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger har levert ein rapport om rekruttering til utdanning og yrke i barnehage og skule og Respons analyse har gjennomført ei nasjonal spørjeundersøking om status i læraryrket. Det blei gjennomført ein nasjonal rekrutteringskampanje i 2022 som også skal gjennomførast i 2023.

Partnerskap i Grunnskulelærarutdanninga – kap. 275, post 21

Sum tildelte midlar til utvikling av partnerskap i grunnskulelærarutdanninga (kap. 275 post 21) i ordinært tildelingsbrev for 2022 var på 9,27 mill. kr. Oppretting og utvikling av lærarutdanningsskular og barnehagar er starta opp som eit fleirårig pilotprosjekt (2020-2024).

Hausten 2020 blei det inngått partnerskap med seks grunnskular i tilknytning til campusane i Bergen, Stord og Sogndal. Frå hausten 2021 blei også fire barnehagar med i piloten. Etablering og utvikling av lærarutdanningsskular og -barnehagar skal etter pilotperioden bli skalert opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular og barnehagar og vere ei varig ordning og framtidig satsing.

Høgskulen vil med dette arbeide for kvalitet i lærar- og barnhageutdanning slik som den nasjonale strategien for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane, Lærarutdanning 2025, legg opp til. Ved å opprette lærarutdanningsskular og -barnehagar vil barnehage- og lærarutdanning bli sterkare knytt til praksisfeltet og styrke relevansen når det gjeld forskingsbasert utdanning. Representantar frå skular og barnehagar skal bidra inn i undervisninga ved høgskulen og sørge for aktualisering og relevans i lærarutdanninga. I løpet av dei to første åra i pilotprosjektet er det arbeidd med å få til god kommunikasjon og ei god organisering av partnerskapet, samt etablere og komme i gong med forskings- og utviklings-samarbeid. Pilot-prosjektet går no inn i ein fase der ein skal førebu prosjektet på ei oppskalering. Etter prosjektperioden er det forventa at prosjektet blir ein del av den ordinære verksemda i fakultetet. Det er etablert eiga følgjeforskning til partnerskapsprosjektet ved høgskulen.

Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag trinn 1-13 – kap. 275, post 21

Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE) har fått ei tildeling på 0,5 mill. kr, over kap. 275 post 21 i ordinært tildelingsbrev. Midlane er fordelte mellom dei deltakande institutt, og har blitt nytta til å utvikle studieprogrammet LUPE på emnenivå og programnivå. Det har vore fleire samlingar i løpet av året for tilsette og utdanningsleiing og tilsette har fått sett av tid på arbeidsplanen for å jobbe spesielt med kvalitetsutvikling for studiet. Utdanninga har to ulike fagprofilar, musikkfag -og kroppsøving og idrettsfag. Dei ulike fagmiljøa har i samarbeid utvikla masterfaget for dei to ulike fagprofilane og pedagogikkfaget som eit felleselement.

Erfaringar frå skulematordningar i Noreg – Kap. 714, post 21

Høgskulen fekk over statsbudsjettet i 2022, kap. 714 post 21 Supplerande tildelingsbrev tildelt 0,7 mill. kr til Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet for å auke kunnskapen om skulemåltid. Tildelinga er gitt av Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Midlane er blitt nytta til å innhente erfaringar frå skulematordningar frå ulike skular (17) og skuleeigarar (8) i Noreg, i tillegg til å samarbeide med Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet. Rapporten frå oppdraget viser at det finst mange ulike måtar å organisere skulemåltidet på og at skulane sine fasilitetar, ressursar og lokalt handlingsrom pregar dei ulike organiseringsmodellane. Skulemåltidet handlar òg om kva som blir ete, men ved fleire skular er måltidet i større grad eit trivsels- og/eller inkluderande tiltak, enn eit kosthaldstiltak. Resultata bidreg til kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny folkehelsemelding. Rapporten: HVL Open: Erfaringar frå skulematordningar i Norge (unit.no). Prosjektet blei avslutta hausten 2022.

Tolkeutdanning – Kap. 671, post 72

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har under kap. 671 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar, Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar tildelt høgskulen 4,08 mill. kr til to formål, tilskot til tolking i offentleg sektor på 2,83 mill. kr, og tilskot til skjerm-tolking retta mot kvalifiserte tolkar på 1,25 mill. kr. Tilskotet skal bidra til å heve tolken sin kompetanse i skjerm-tolking og samtidig styrke og profilere det tolkefaglege miljøet som er under utvikling på Vestlandet.

Tolking i offentleg sektor hadde i studieåret 2021/2022 totalt 135 søkarar. Av desse var det 31 personar som starta på studiet og 28 av dei som gjekk ut med bestått resultat. Språka som blei tilbydd var thai, kurdisk-sorani, somali og arabisk. For studieåret 2022/2023 var det 84 personar som søkte på utdanninga. Av desse fekk 56 tilbod om studieplass. Kullet starta opp med 30 studentar og står i dag med 25 aktive studentar. Språka som blir tilbydd for inneverande kull er polsk, vietnamesisk, tyrkisk og amhari (Etiopia).

Det nystarta studiet i skjerm-tolking hadde for 2022/2023 totalt 106 søkarar fordelt på 32 ulike språk. Søkmassen fordelte seg over heile landet. 32 søkarar fordelt på språka arabisk, russisk, polsk, somali og thai fekk tilbod om plass. Av desse har 25 studentar avlagt eksamen i haustsemesteret 2022.



Kapittel IV

Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

System for risikovurdering og vurdering av dei største risikoområda

Høgskulen har over tid hatt større merksemd på systematisk arbeid med risikostyring, -vurdering og -analyse, både operasjonell risiko (mest knytt til innsatsfaktorar, aktivitetar og prosessar) og strategisk risiko (mest knytt til det å nå mål og oppnå brukar- og samfunnseffektar). I samband med utarbeiding av høgskulen sin årsplan for 2022 blei det gjort ei overordna risikovurdering der ein fekk fram område som høgskulen måtte ha særskild merksemd på framover. Vurderinga er ei heilskapleg og overordna forståing av potensiell risiko mellom anna basert på andre dokument og saker som har vore handsama i styret. Det sentrale er at dette er risiko som styret bad rektor følge opp med tiltak der risikoen er uakseptabel. Rektor har stilt krav om detaljerte risikovurderingar i samband med utarbeiding av planar, der det viktigaste er å identifisere dei rette tiltaka for å redusere uakseptabel risiko.

I årsplanen for 2022 påpeikte styret at høgskulen måtte vere særleg merksam på desse risikoområda:

- HVL må lukkast med stabilitet i doktorgradsprogramma, dvs. nok uteksaminerte kandidatar til at vi kan levere søknaden om akkreditering.
- HVL må lukkast med å auke første- og toppkompetanse. På nokon fakultet har auken flata ut og i nokre tilfelle gått ned. Risikoen er at høgskulen ikkje greier å snu den negative trenden i 2022.
- HVL må lukkast med FoU-aktivitet. Det er ein risiko for ein nedgang i 2022 på viktige område som vitenskapleg publisering og eksterntfinansiert forskning, grunna pandemien. Om det blir ein slik nedgang, bør den ikkje vere større ved HVL enn dei nye universiteta.

Dei største risikoområda som blei identifisert under kvart strategiområde var:

Strategiområde 1: Danne og utdanne

- HVL må lukkast med å skape eit godt læringsmiljø, eit aktivt studentdemokrati for studentane og ha tilstrekkeleg omstilling av studietilbodet. Den største risikoen ved å ikkje lukkast med dette er lågare studentrekruttering.
- HVL må lukkast med å utvikle framtidsetta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingspraksisar. Risikoen for å ikkje lukkast her er knytt til manglande kunnskap og medvit hos fagtilsette/emneansvarlege.

- HVL må lukkast med å levere eit relevant og tilstrekkeleg tilbod for livslang læring (etter- og vidareutdanning og fleksibel utdanning).
- HVL må lukkast med å gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunns- og næringsliv. Her er det peikt på to ulike risikoområde. Det eine er at studentar ikkje får seg jobb etter utdanning, det andre er at studia i for liten grad har ein eksplisitt internasjonal dimensjon.

Strategiområde 2: Forsking, utviklingsarbeid og innovasjon

- Det er ein risiko for at HVL sender for få søknadar med tilstrekkeleg kvalitet for å nå måla om deltaking på den europeiske arenaen for samarbeid om forskning, utdanning og innovasjon, og om ekstern finansiering spesielt.
- Det er ein risiko for at det ikkje er tilstrekkeleg støttekapasitet i HVL til å utvikle søknadar om ekstern finansiering og gjennomføre innvilga prosjekt. Det er også ein risiko for at ikkje leiarar prioriterer prosjektutvikling og søknadsskriving tydeleg nok, og i for liten grad gir støtte og stimulerer til utvikling av ein kultur for slik aktivitet.
- Det er ein risiko for at forskingsprosjekt i for liten grad speglar den profesjons- og praksisretta profilen.
- Det er ein risiko for at tildelt FoUI-tid ikkje i stor grad blir nytta til prosjekt og samarbeid som skal bidra til å utvikle kvalitet i forskning og utdanning.

Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

- HVL må lukkast med å utvikle kunnskap i partnerskap med samfunns- og arbeidsliv. Eit sentralt risikoområde her er at høgskulen sin kompetanse ikkje bidreg til utvikling i arbeidslivet, eller ikkje blir sett på som relevant.
- HVL må lukkast med å kople saman erfaringsbasert- og forskingsbasert kunnskap gjennom aktiv deltaking i fagleg relevante nettverk og klynger.

Strategiområde 4: Bygging av institusjonen

- Ei stadig veksande mengd informasjonskjelder, -system og -objekt krev at vi lykkast med god informasjonsforvaltning, både med omsyn til forenkling av arbeidsprosessar og trygging av informasjonsverdiar. Det er risiko knytt til om vi har tilstrekkeleg oversikt og merksemd på dette.

- Aukande internasjonalisering med prosjekt, studentar og tilsette krev vesentleg merksemd mot informasjonstryggleik. Det er risiko knytt til om tilsette har nok kompetanse knytt til personvern og informasjonstryggleik.
- God verksemdstyring krev god kunnskap om tilstanden i organisasjonen. Det er risiko knytt til om vi har god nok datatilgang og -kvalitet til avgjerdsprosessar til å kalle oss lærande.
- Tilgang på ressursar til administrativ effektivisering (digitaliseringstiltak på område som ikkje er direkte undervisning og forskning) må aukast elles er det ein risiko for at vi ikkje når måla i gevinstrealiseringsplanen (20 % i 2025).
- HVL må lukkast med å ha attraktive campusar for studentar og tilsette. Det er risiko knytt til om vi klarar å tydeleggjere profilar som utnyttar den einskilde campus sine kvalitetar, samstundes som vi klarar å utnytte krafta det gir oss å ha eit samla kompetansmiljø i HVL.
- Det blir også peikt på eit risikoområde knytt til campusutvikling der HVL ikkje har eit tilstrekkeleg system for å ta i mot internasjonale tilsette.

Oppfølginga av desse risikoområda i 2022 er beskrive i kapittel III.

Opplegget for styring og kontroll

I rammene for styra ved universitet og høgskular blir det presisert at styret må sørge for at det blir planlagt med eittårig og fleirårig perspektiv, og at planane blir dokumentert i eigne styringsdokument. Høgskulen har sidan 2020 hatt eit plansystem som har følgd opp krava til eittårig planlegging, og systemet har vore skildra i retningslinjer for planarbeidet, som styret har vedtatt. Frå 2022 blei det definert eit nytt plansystem med vekt på sjølvstende, tillit og dialog. Samtidig er det ein viss grad av standardisering, formalisering og formell styring for å sikre at høgskulen hentar ut gevinstar av å planlegge.

Når det gjeld planlegging i eit fleirårig perspektiv har høgskulen hatt ein strategi for perioden 2019- 2023, samt ein utviklingsavtale som også har hatt eit fleirårig perspektiv. I 2022 har det blitt vedteken både ny strategi og ny utviklingsavtale. Desse vil vere gjeldande frå 2023. Høgskulen arbeider systematisk med å utvikle mål- og resultatstyring og risikostyring som verktøy for betre styring og kontroll. Samstundes er det viktig å halde ved like og vidareutvikle andre verktøy, som internkontroll og internrevisjon.

Internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar og høgskulen er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Mykje av internkontrollen ved høgskulen er nedfelt i ulike handbøker (til dømes HMS-, leiar- og personalhandbok) som er lett tilgjengelege for tilsette. Ein stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem. Det er egne styringsprosessar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt.

Internrevisjon

Høgskulen har eit internrevisjonssamarbeid med Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Nord universitet om to årlege, felles revisjonar. Desse revisjonane bidreg til kontinuerleg forbetningsarbeid og er dermed med på å bidra til å nå fastsette mål. I 2022 blei det gjennomført revisjonar knytt til «Tilsettingsprosessen for vitskapleg tilsette» og «Gjennomføring på toårige masterprogram (§3-master-studier), 120 studiepoeng».

I 2022 gjennomførte IIA Norge ei ekstern evaluering av internrevisjonssamarbeidet. IIA Norge konkluderte med at den samarbeidande internrevisjonen berre delvis samsvarer med krava dei internasjonale standardane set til internrevisjon. Styret har gitt rektor ansvar for å følgje opp rapporten og komme tilbake til styret med forslag til eventuell framtidig organisering av internrevisjonsfunksjonen ved høgskulen. Det vil bli utarbeidd forslag til ny samarbeidsavtale, som tek omsyn til tilrådingane i rapporten.

Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemda, internrevisjon, eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har god styring og kontroll innan dei enkelte verksemdsområda, men med nokre forbetningspunkt, som nemnt over.

Omtale vesentlege forhold inkludert merknadar/ikkje merknadar frå Riksrevisjon

Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som låg, kvaliteten på rapporteringa som god og risikoen for vesentlege feil som låg. Drifta er effektiv og målretta. Det er ikkje avdekkja økonomisk mishald i 2022 og det var ingen merknadar frå Riksrevisjonen i 2022 knytt til revisjonen for 2021.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav/fellesføringer

Konsulentbruk

I årsrekneskapan for 2022 kjem det fram at høgskulen brukte om lag 28,4 mill. kr til «Kjøp av konsulenttenester», som er noko mindre enn i 2021. Hovudparten av desse kostnadane var knytt til kjøp av konsulenttenester på områda: utvikling av programvare og IKT-løysningar (10,1 mill. kr), organisasjonsutvikling (7,1 mill. kr) og kommunikasjonsrådgjeving mv. (7,2 mill. kr).

I heile 2022 har høgskulen satsa mykje på auka digitalisering, både innanfor forskning, utdanning, formidling og administrative oppgåver og prosessar. I mykje av dette arbeidet har det vore nødvendig å kjøpe ekstern konsulentbistand, spesielt frå AVO Consulting AS, som høgskulen har ein rammeavtale med. Høgskulen hadde ikkje eigen kompetanse eller ressursar til ei slik satsing. I 2022 ble det løyvd ekstra budsjettmidlar til denne satsinga og om lag 8,3 mill. kr blei nytta til ulike digitaliseringstiltak. Utviklinga av ein virtuell assistent (MIME) for studentar, ein utvekslingsapp, sensorportal og fakturaportal er døme på resultatane av satsinga.

I 2022 tilbydde høgskulen leiarutviklingsprogrammet VINN-VINN til mellomleiarane. Dette er eit kompetanseutviklingsprogram for linjeleiarar i relasjonell kompetanse, kommunikasjon og forhandling, levert av AFF. Høgskulen har også nytta ekstern bistand til arbeidet med å utvikle eit system for langsiktig planlegging av kompetansebehov og – utvikling.

Høgskulen har brukt midlar på “Konsulenttenester til kommunikasjonsrådgjeving, design mv.” i 2022. Årsakene til kjøpa var manglande spisskompetanse internt og kapasitetsutfordringar. Midlane er mellom anna nytta på å sette opp ulike kampanjar for studentrekruttering i digitale medium og å utarbeide ein rekrutteringskampanje retta mot yngre målgrupper (frå 16 år) etablert på grunnlag av ei målgruppeanalyse.

Høgskulen blei også i 2022 tildelt budsjettmidlar til gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7, samt fleire mannlege søkarar til barnehagelærarutdanning og søkarar med innvandrarbakgrunn. Løyvinga skal styrke rekrutteringa til desse utdanningane og bidra til positiv omtale av lraryrket.

I dette arbeidet blei det nytta ein del ekstern konsulentbistand, mellom anna blei Respons Analyse AS engasjert til å gjennomføre ei større nasjonal spørjeundersøking om status i læreryrket. Det blei også gjennomført ein nasjonal rekrutteringskampanje i 2022.

Lærlingar

Høgskulen har 15 lærlingar totalt. Dei er alle tilsett i IT-avdelinga og fordelt på fire ulike lærefag. Det er seks lærlingar i IKT servicefaget, fem i IT driftsfaget, tre i Dataelektronikkfaget og ein i IT utviklarfaget.

Høgskulen har vurdert å auke talet lærlingar frå 15 årlege, men har kome til at i 2023 tar vi inn nye lærlingar for å oppretthalde talet i faga vi allereie er lærebedrift i. Moglegheitene for å ta inn i nye lærefag er vurdert innanfor økonomisk- administrative fag, kontor- og administrasjonsfag, service og administrasjonsfag, laboratoriefag og industrimontørfaget. Basert på total ressursituasjon er det konkludert med at det ikkje er kapasitet til å ta inn lærlingar i desse faga i 2023. Lærlingar har krav på oppfølging, og per i dag er ikkje bemanninga vår tilstrekkeleg til å ta i mot fleire. Det er altså ikkje økonomiske aspekt som ligg til grunn, men omsynet til å gi god nok oppfølging.

Høgskulen har lærlingar knytt til både Vestland og Rogaland fylkeskommune. Vi har ikkje knytt oss til opplæringskontor i nokon av disse fylka då vi ikkje har hatt behov for dette.

Forskingsetikk

Høgskulen etablerte i 2022 ei arbeidsgruppe for å følge opp Riksrevisjonen sin rapport om forkingsetikk i universitets- og høgskulesektoren (Riksrevisjonens "Dokument 1 2021-2022"). Arbeidsgruppa har levert sin rapport, og den gir eit oversyn over arbeidet med opplæring og system for ivaretaking av forkingsetikk, med anbefalingar til leiinga om forbetringstiltak.

Høgskulen har opplæring i forkingsetikk for masterstudentar og ph.d.-kandidatar. Frå 2021 er det blitt gitt poenggivande kurs i personvern, forkingsetikk og datahandtering for rettleiarar. Alle tilsette og studentar har tilgang til digital opplæring i personvern og forkingsetikk gjennom e-læring og kunnskapsspill frå Sikresiden.no.

Det har blitt etablert forkingsetiske komitear på to av fire fakultet, mens dei to siste fakulteta har komitear som er under etablering. Komiteane er viktige for vårt

system for ivaretaking av forkingsetikk, saman med Forkingsetisk utval (Redelighetsutvalet) og retningslinjer for behandling av saker om mogleg brot på anerkjente forkingsetiske normer.

Forkingsetisk utval er leia av prorektor for forking, og har ein representant og ein vara frå kvart av dei fire fakulteta. Utvalet har to faste eksterne representantar. Utvalet skal til ein kvar tid ha ein jurist som medlem og i tillegg har utvalet to faste studentrepresentantar.

I 2022 har følgjande tema og saker vore handsama:

- Oppfølging av Riksrevisjonens rapport om forkingsetikk og gjennomgang av rapport frå intern arbeidsgruppe. Utvalet kom med innspel til den interne rapporten og vidare arbeid med forkingsetikk.
- Drøfting av forkingprosjekt: Forking på/med AI (Artificial Intelligence) og gjenbruk av forkingdata, og omsynet til personvern og forkingsetikk i slike prosjekt.
- Leiari for forkingsetisk utval ved UiO heldt innlegg om etiske utfordringar ved samforfattarskap. Utvalet kom med forslag til aktivitetar for å få ein breiare debatt om forfattarskap og medforfattarskap. Utvalet kom også med innspel om opplæringstiltak.
- Oppfølging av saka frå møtet i juni om forking på/med AI. Utvalet drøfta saka på nytt og kom med tilrådingar om opplæring og tiltak for å få betre oppfølging av forking med/på AI og gjenbruk av forkingdata. Utvalet vedtok at prosjektet ikkje var gjennomført på ein slik måte at det var mistanke om noko ureieleg eller brot på forkingsetiske retningslinjer.

Høgskulen skal i 2023 revidere retningslinjer for forkingsetikk og personvern, vurdere omfang og innhald og omfang i opplæringa for studentar og tilsette. Det går føre seg eit prosjekt som skal ta i bruk nye digitale system i student- og forskarprosjekt for å sikre betre kvalitet i vurdering og gjennomføring av prosjekt med tanke på forkingsetikk, personvern og informasjonstryggleik.



Samfunnssikkerheit og beredskap (SOB) og sikkerheit etter sikkerheitslova

1) Når reviderte institusjonen sist sin ROS-analyse? Kva område er identifisert som dei med høgast risiko for verksemda?

Høgskulen gjennomførte i 2019 ein bredt anlagt og overordna ROS-analyse, med tilhøyrande forslag til tiltaksplan. Etter ein grundig runde med forankring av ROS-analysen og tiltaka i organisasjonen slutta toppleiargruppa seg til tiltaksplanen i desember 2020. I etterkant har det vore jobba med oppfølging av tiltaka innanfor dei ulike tiltaksområda. Dei sentrale tiltaksansvarlege i toppleiargruppa har hatt sin årlege gjennomgang av ROS-analysen både i 2021 og 2022. Dette for å gjere opp status for oppfølging og vurdere eventuelle endringar i føresetnader som låg til grunn for ROS-analysen. Ein heilskapleg revisjon av den føreliggande ROS-analysen blir gjennomført i 2023.

Av dei 16 risikoområda DSB har lagt fram i Analysar av krisescenario 2019, har høgskulen valt ut ni som relevante for eigen institusjon. Risikoområda er vurdert ut frå relevans og om høgskulen har moglegheit for å sette inn tiltak som vil redusere sannsynlegheit og/eller konsekvens. Dei ni områda er: ekstremvær og flaum, skred, smittsame sjukdomar, kjemikalie- og eksplosivhendingar, transportulykker, forsyningssvikt og straumsvikt, politisk motivert vald, hemnmotivert vald og digitale angrep.

2) Når reviderte institusjonen sist sitt krise- og beredskapsplanverk? Beskriv kort kva planverket omfattar.

Høgskulen reviderte krise- og beredskapsplanverket sist i mars 2020. Det blei då gjort vesentlege endringar i beredskapsorganisasjonen, ved etableringa av ei sentral krise- og beredskapsgruppe samt beredskapsgrupper på fakulteta og i einingar. Planverket omfattar mellom anna:

- Prinsipp og rammer for beredskapsplanen, inkludert formål, nivåinndeling og planverk.
- Om krise og beredskapshandtering, inkludert prinsipp for handtering av ulike typar hendingar.
- Varsling og etablering av kriseleiing.
- Organisering av beredskapsarbeidet, sentralt, i fakultet og i einingar.
- Opplæring og øving.

Topp-leiargruppa i høgskulen hadde i november 2022 sak om prinsipp for beredskapsorganisasjon til handsaming. Det vil i 2023 bli arbeida vidare med desse prinsippa med tanke på ei revidering av beredskapsorganisasjonen, og tilhøyrande planverk.

3) Når gjennomførte institusjonen sist kriseøving? Beskriv kort dei viktigaste læringspunktene frå evalueringa av øvinga

Det blei i 2022 gjennomført to kriseøvingar i strategisk krise- og beredskapsgruppe, siste i november. I ei av øvingane blei det øvd på mobilisering, ved at øvinga ikkje var varsla/kjent for strategisk krise- og beredskapsgruppe. I øvingane var det fokus på å trene handtering av eit relevant og aktuelt scenario.

Øvingane er evaluert, og dei viktigaste læringspunktene er:

1. Behov for å tydeleggjere nivå, roller og ansvarsdeling i beredskapsorganisasjonen.
 - Dette vil vi gjere i samband med at vi reviderer beredskapsorganisasjonen i 2023.
2. Behov for å øve i rolleutøving.
 - Dette tek vi med oss inn i planlegginga av øvingane som skal gjennomførast i 2023.
3. Behov for å trene beredskapsleiing særskilt.
 - Beredskapsleiarar vil få særskilt opplæring/øving i å leie krisegrupper
4. Behov for å opprette, trene og vedlikehalde ressursar for pårørandehandtering i krisesituasjonar.
 - Vi vil i løpet av våren 2023 få etablert eit system for pårørandehandtering.

Førande for arbeidet med beredskapsplanverk i 2022 har vore å ta høgde for kompletteringa av styringsdokumenta og føringane gitt i tildelingsbrev. Arbeidet med betring av planverk vil halde fram i 2023.

Med bakgrunn i den tryggingpolitiske situasjonen har høgskulen etablert kontakt med lokale PST-einingar. I tillegg har det blitt gjennomført gjensidig orienteringsmøte med PST i Vest politidistrikt med særskild merksemd på forskning innanfor enkelte ingeniør- og IT-fag samt tilsetjing av personell med bakgrunn frå land det knyter seg risiko til.

For m.a. å kunna få del i graderte trusselvurderingar er det òg etablert «styringssystem for sikkerheit etter sikkerheitslova» som tillegg til eksisterande planverk.

Fleire tilsette ved høgskulen er klarerte og det er gjennomført autorisasjonssamtalar med dei som treng det.

Høgskulen sitt lokale leiingssystem for informasjonssikkerheit er og oppdatert slik at det no omfattar personvern og personvernendingar og har eit tydeleg grensesnitt til systemet for sikkerheit etter sikkerheitslova.

Høgskulen har også investert i og tatt i bruk eit nytt brannmurregime innanfor IT og det er inngått samarbeid med leverandør med tanke på hjelp og ressursar til å gjennomføre overordna ROS-analyse i 2023.

Handtering av covid-19-pandemien

Høgskulen fekk hausten 2020 gjennomført ei ekstern evaluering av korleis høgskulen gjennomførte og handterte første fase av pandemien (perioden mars-juni 2020). AFF ble engasjert til oppdraget, og målsettinga med undersøkinga var å lære av handtering av COVID-19-hendinga samt å sjå på korleis HVL kan bruke lærdommen frå denne hendinga til å forebygge, og til å betre handteringa av kommande hendingar.

Formålet var spesifikt å hente ut læring med tanke på forbetring av planverk og leiarpraksis knytt til krise- og beredskapsarbeid. Det blei spesielt vektlagt å vurdere:

- Krise- og beredskapsleiing på ulike nivå.
- Involvering og medbestemming (jf. Hovudavtala).
- Intern informasjon til studentar og tilsette.

AFF leverte sin sluttrapport i oktober 2020, og presenterte fem læringspunkt med tilhøyrande tilrådingar:

1. Kriseleiing bidrog til å styrke organisasjonen etter ein endringsprosess (fusjonen).
2. Førebuingar gjorde det mogleg med planlagt improvisasjon, men leiinga kunne vore betre trent i proaktiv kriseleiing på strategisk nivå.
3. Leiing under krisa var prega av handtering av operative driftsutfordringar og i mindre grad av proaktive prioriteringar.
4. Kontinuitetsplanlegginga har vore effektiv når det gjeld omlegging av drift, medan fokus på læring i krise, omstilling, endring og innovasjon kan aukast i tida frametter.
5. Sjølv om det blei gitt mykje informasjon, kunne meir toveiskommunikasjon og tilbod om psykososial omsorg vore til hjelp i ein usikker situasjon.

Undersøkinga og tilrådinga vart opplevd som svært

nyttig for den vidare handteringa av pandemien. Resultata frå undersøkinga blei brukt til å gjere endringar, og justere organiseringa av beredskapsarbeidet knytt til pandemihandteringa. Vidare gav funna frå undersøkinga og tilrådingane frå AFF nyttige innspel til det generelle krise- og beredskapsarbeidet i høgskulen.

Handtering av pandemien og dei konsekvensane det gav for høgskulen si verksemd var aktuelt fram til mars 2022. I den perioden gjorde vi oss vidare erfaringar med krise- og beredskapshandtering og hadde kontinuerleg merksemd på å justere og forbetre vårt arbeid.

Likestilling og mangfald

Høgskulen arbeider aktivt for å fremme likestilling, kjønnsbalanse og mangfald blant tilsette og studentar og for å skape eit inkluderande og trygt arbeidsmiljø.

Det har vore utarbeidd handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering (LMI) for perioden 2020 -2023. Planen er utarbeidd av høgskulen sitt Råd for likestilling, mangfald og inkludering. Dei overordna måla for planen er å fremme likestilling og hindre diskriminering blant tilsette og studentar. Alle skal oppleve at dei blir respektert uavhengig av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, språk, religion og livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og alder.

Handlingsplanen skal medverke til at høgskulen når måla i verksemdstrategien, oppfyller krava i §1 i Lov om likestilling og forbod mot diskriminering og bidra til at høgskulen skal møte framtida tufta på sentrale menneskerettslege verdiar og FN sine berekraftsmål.

Handlingsplanen har klare tiltak og peikar på kven som har ansvaret for å følgje opp dei ulike tiltaka som blir tilrådd. Handlingsplanen er revidert for å møte krava i arbeidet med å oppnå EU-sertifiseringa Charter and Code. Dette er også ein del av satsinga mot å bli universitet.

Rektor delte i 2022 ut LIM-(likestilling, inkludering og mangfald) prisen for andre gong. Professor Cecile James Carlsen, som fekk prisen, har i mange år jobba mot diskriminering, og for synleggjering av mangfald både ved høgskulen og i samfunnet elles.

Høgskulen er IA-bedrift og praktiserer tilrettelegging for tilsette med behov, så langt det er praktisk mogleg. Når det gjeld kombinasjonen av arbeid og familieliv har høgskulen fleksitidsordning for administrativt tilsette og

undervisnings- og forskarpersonale har moglegheit til å påverke korleis arbeidstida blir disponert. Den enkelte si arbeidstid skal avtalast mellom leiar og arbeidstakar og det skal takast omsyn til livsfase og livssituasjon.

På institusjonsnivå har høgskulen relativt gode tal for kjønnslikestilling. Ser ein på dei ulike fagmiljøa, er det likevel til dels store utfordringar. Det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret blir til dømes spegla innanfor enkelte av ingeniørutdanningane som har ein liten del kvinner medan ein har ein tilsvarende høg del kvinner på utdanningane knytt til helsefag. I undervisnings- og forskarstillingar har vi 60% kvinner og 40% menn. For administrative stillingar er fordelinga 66% kvinner og 33% menn.

Høgskulen arbeider systematisk med universell utforming av bygningar, læringsmiljø og campusområde. Dette er avgjerande for tilrettelegginga for personar med nedsett funksjonsevne. Målet er at flest mogleg skal kunne nytte seg av utdanningstilboda våre, og det blir jobba for å famne om mangfaldet i studentmassen ved å utforme digitale løysingar og læremiddel for å skape tilgjengelegheit for alle, uavhengig av funksjonsevne, alder og teknisk kompetanse (sjå også omtale i kapittel III).

Høgskulen leier eit nasjonalt prosjekt som skal få fleire til å velje barnehagelærerutdanning og grunnskolelærerutdanning 1.-7. trinn. Samtidig blir det arbeid for å skape eit større mangfald, med mål om fleire menn og fleire personar med innvandrarbakgrunn til lærarutdanninga. På helsefagutdanningane arbeider høgskulen målretta med å rekruttere fleire menn, jamfør handlingsplanen for likestilling, mangfald og rekruttering, og har stor merksemd på representasjon av kjønn og mangfald i tekst og bildebruk på våre digitale plattformer.

Oppfølging av Strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021-2025

Digitaliseringsarbeidet har hatt tre hovudprioriteringar i 2022:

1) Styrke digital kompetanse blant vitskapleg tilsette. Her er det særleg nytta ressursar på ein sterk infrastruktur for utvikling og bruk av pedagogisk gode digitale løysingar. Dette er materialisert som Læringslab og Medielab.

2) Effektive administrative løysingar for fagtilsette og administrativt tilsette. Det er utvikla fleire løysingar som støttar arbeidsprosessar og bidreg til støtte for vedtak innanfor områda HR, økonomi, studieadministrasjon og dokumentforvaltning. Eksempel på dette er løysing for alt arbeid med masteroppgåver (Masterportalen), applikasjonen for kompetanseforvaltning for vitskapleg tilsette (KOMPIS), og applikasjonen som tar seg av heile arbeidsflyten kopla til sensoroppnemning og oppfølging (Sensorportalen).

3) Orden i Eige Hus. Dette er eit basisprosjekt for god datastyring og -deling for både verksemdstyring og kunnskapsbasert utvikling i alle einingar, det vil sei eit digitalt fundament for organisasjonslæring. Gjennom året er desse initiativa kopla til den påbegynte oppfølginga av ny nasjonal digitaliseringsstrategi. Desse er delt i seks tiltaks-område for styrking av digitalisering av utdanning, fire tiltaksområde for styrking av digitalisering av forskning og seks tiltaksområde for institusjonsovergripande endringar, inklusiv mottak av nye nasjonale system.

Arbeid med norsk språk

Språk og språkpolitikk er ein synleg del av verksemda ved høgskulen. Vi er ein aktiv bidragsytar i det offentlege ordskiftet om språkpolitikk. Internt arrangerer vi ein årleg språkdag, der erfaringar og gode språktiltak blir delt på tvers i organisasjonen. Språkprisen blir delt ut kvart år som ei anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein systematisk innsats for å jobbe med formidling og norsk fagspråk. I 2022 blei prisen delt mellom professor Eli Bjørhusdal og professor Aslaug Nyrrnes.

Høgskulen har retningslinjer som seier at «fast tilsette ikkje-skandinavar i faglege eller administrative stillingar skal kunne utføre arbeidet sitt på norsk etter nokre år i stillingane». I samarbeid med offentlege aktørar tilbyr vi norskkurs til tilsette som ikkje kan språket. I løpet av 2022 deltok 58 tilsette på norskkurs. Sentrale statsorgan skal kvart år rapportere om bruken av bokmål og nynorsk til Språkrådet. Høgskulen fekk tilbakemelding på rapporten for 2021 i september 2022 og resultatata samla sett var svært gode.

Campusutviklingsplanar

Sluttrapport for prosjekt campusutvikling blei presentert i november 2022 for høgskulen sitt styre. Dokumentasjon i rapportar frå arbeidsgrupper og prosjektgrupper

i prosjektet blir særst viktig i det vidare arbeidet med campusutvikling. Rapportane gir mange perspektiv på dei hovudtema som er presentert når det gjeld å gripe fatt i utfordringar for å utvikle campusane vidare. Det er behov for å gjere ulike delar av organisasjonen ansvarleg for å nå dei strategiske måla ein set seg når det gjeld campusutvikling. Dette krev sterke og solide møtestrukturar og møtearenaer som blir gitt ansvar for oppfølging i organisasjonen.

I sluttrapporten for prosjekt campusutvikling er campusmøte ved kvart campus identifisert som ein arena for koordinering av det vidare arbeidet med campusutvikling. Det overordna formålet med campusmøta er å etablere ein arena for campusutvikling som har merksemd mot saker som krev intern koordinering og samordning på campusnivået. Campusmøta er rådgivande koordineringsarenaer for faglege aktivitetar og tiltak i fakulteta på campusane, og samstundes samordningsarenaer for ekstern samhandling i campusane sine regionar.

Større byggeprosjekt

Høgskulen følgjer utreiingsinstruksen, byggje- og leigesaksinstruksen og retningslinjene for behandling av brukarfinansierte byggeprosjekt, då alle prosjekt går i regi av Statsbygg. Det er per no berre planar om eitt større byggeprosjekt, og det gjeld campus Haugesund. I forprosjektet som er gjennomført er det gjort vurderingar knytt til om det er mogleg å dekke behova innanfor eksisterande bygningsmasse. Konklusjonen er at eksisterande bygg ikkje har plass til å dekke behova når vi skal samlokalisere og flytte nautikkmiljø, lesesalar og simuleringslabar inn på campus.



Campus Haugesund

Hovudformålet med prosjektet er å samle all aktivitet i Haugesund på campus for å gi betre studie- og arbeidsforhold for studentar og tilsette. Nybygget vil samlokalisere SIM-arena og simulatorsenter for nautikk.

I tillegg vil bygget innehalde læringsareal og areal til 43 arbeidsplassar. I eksisterande lokale byggast noverande SIM-arena om til lokale for studentorganisasjonane og sosial studentaktivitet. Byggeprosjektet i Haugesund er eit prosjekt som er føresettt dekkja innanfor noverande bevilgning. Oppstart av konseptutvalsutgreiningar har blitt avklart med KD og prosjektet er meldt inn gjennom Statsbygg sine prosedyrar, og endeleg handsaming er forventa i 2023/2024. OFP-fasen (Oppstart ForProsjekt) er gjennomført.


I styremøtet i november fekk rektor fullmakt til å gå vidare med eit revidert prosjekt, og bestillingsbrev blei sendt til Statsbygg. Ramma for prosjektet er no nybygg på ca. 4000-4200m² og inntil 1000m² ombygging. Statsbygg har starta arbeidet med å utarbeide kravspesifikasjon i samarbeid med høgskulen for utlysning av prosjektet i marknaden som ein totalentreprise med løysingsforslag. Foreløpig tidsplan viser at utlysinga kan finne stad i juni 2023 med påfølgande evaluering i løpet av hausten. Etter evaluering og val av entreprenør må prosjektet godkjennast av KD og av høgskulen sitt styre før byggearbeida kan starte.

Høgskulen har ikkje private husleigeavtaler med samla kostnad på 100 mill. kr eller meir for leigeperioden.

Avsetningar

Høgskulen hadde ved inngangen av 2022 avsetningar på om lag 404 mill. kr. Ved utgangen av 2022 var desse redusert med om lag 103 mill. kr. Totale avsetningar var på 301 mill. kr, som utgjer om lag 13,4 % av den totale løyvinga frå departementet. Avsetningane bygde seg betydeleg opp i perioden med pandemi, spesielt knytt til reduksjon i både reisekostnadar, eksamenskostnadar og andre driftskostnadar. No når høgskulen igjen har normal drift, i tillegg til fokus på å auke investeringsnivået, vil avsetningane reduserast betydeleg kommande år. Avsetningar til investeringar var per 31.12.22 på om lag 191 mill. kr., og avsetningar til andre formål på om lag 110 mill. kr., som utgjer 8,5 % og 4,9 % av den totale løyvinga frå departementet.

Høgskulens måloppnåing har ikkje blitt negativt påverka av avsetningsnivået, men oppsparte midlar gir økt handlingsrom sjølv i år med elles reduserte budsjett, og moglegheit til å iverksette planar og oppgraderingar blant anna knytt til campusutviklingsprosjekta.



Kapittel V

Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsikter og planar

Styret har i 2022 vedteke ein verksemdsstrategi som gjeld frå 2023 og fram til og med 2030. Eit viktig premiss i strategien er eit samfunnsoppdrag som både er definert ut frå formålet til UH-lova og utfordringar og mål som går fram av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og vår eigenart. Ein sentral ambisjon i strategien er å byggje og utvikle eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.



Frå opninga av robotikklubben på campus Førde. F.v.: senioringeniør Raquel Motzfeldt Tirach, stipendiat Daniel Schäle, styreleiar Arvid Hallén, prosjektleiar Erik Kyrkjebø og dekan Jens Kristian Fosse.

Strategien gjer greie for vegval for å løyse samfunnsoppdraget ut frå korleis vi ser på framtida, ut frå vår identitet og våre verdiar. Det sentrale er at vi byggjer eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil, vi er ein fleircampusinstitusjon som bidreg til utvikling i heile regionen, vi har ei sterk praksisorientering og samhandling med arbeids- og samfunnsliv, og vi spelar ei aktiv rolle og tek eit ansvar for å påverke samfunnsutviklinga innan områda våre. Derfor er dei overordna ambisjonane i strategien at utdanningane og forskinga vår skal vere for samfunns- og arbeidslivet, at vi skal vere ei sterk innovasjonskraft og at vi er ein ambisiøs samfunnsaktør.

For å realisere ambisjonane våre må vi definere mål og prioritere.

Mål 1. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov.

Vi må utvikle studietilbodet, der høge søkartal, kvalifiserte og motiverte søkarar og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykkast. Vi vil at studentar tek del i forskinga, og utvide tilbod om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet i fleire studium.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Fremje gjennomgåande utdanningsløp og utvikle det analytiske og strategiske studieporteføljearbeidet.
- Vektleggje studentaktive lærings- og undervisningsformer.

Mål 2. Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Vi må vidareutvikle eksisterande forskingsmiljø, og byggje fleire, nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø, og forske meir saman med samfunns- og arbeidslivet. Forskinga blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Utvikle forskingsmiljøa og forskartalenta våre og gi prioritet til tverrfagleg forskning.
- Auke den eksterne forskingsfinansieringa.

Mål 3. Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet.

Vi må leggje til rette for at våre tilsette kan byggje innovasjonskapasitet både gjennom eiga forskning og utdanning, og i samskaping med partnarar i samfunns- og arbeidslivet.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Legge til rette for at tilsette og studentar omset kunnskap til nye eller forbetra produkt, tenester og metodar, og vidareutvikle kulturen for innovasjon blant dei tilsette og studentane.
- Auke forskings- og innovasjonssamarbeid med nettverk og klynger og halde fram med tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet.

Mål 4. Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring.

Vi organiserer oss slik at vi har høg kvalitet i kjerneverksmda, god brukarorientering og effektiv og berekraftig drift. Vi skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss, beheld og utviklar kompetente medarbeidarar.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Gjennomføre strategiske analysar som sikrar effektiv og berekraftig drift.
- Endre og forbetre organisasjonen og styrke det strategiske arbeidet med digitalisering.

Mål 5. Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

Vi må utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og vere ein brubyggjar og føretrekt samarbeidspartnar. Vi må styrkje campusane våre som attraktive arbeids- og studiestadar.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Utvikle fleircampusuniversitetet og hente ut gevinstar av samarbeid på kvar campus og på tvers av fleire campusar. Campusplanar skal fungere som gode verktøy.
- Fremje ein kultur som er kjenneteikna av mangfald og kultur for samskaping og læring.

Mål 6. Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten.

Vi skal setje dagsorden og formidle kunnskap om og frå fagområda våre. I forlenginga av det ligg også å delta i det offentlege ordskiftet.

Vi må mellom anna prioritere å:

- Ytterlegare synleggjere og formidle høgskulen sin kunnskapsproduksjon og det vi skapar.
- Vere tydeleg på viktige arenaer, klynger og nettverk for å synleggjere høgskulen som ein relevant samarbeidspartnar.

Universitetsprosjektet i 2023

Det nye universitetet på Vestlandet skal vere ein institusjon med sterke fagmiljø og forskingsbaserte utdanningar tett knytt til samfunnet rundt oss. Å gjere våre fremste fagmiljø meir synlege i samfunns- og arbeidslivet er viktig for å markere oss som eit kommande universitet,

og dette arbeidet held fram i 2023. Vi vil fortsette arbeidet med synleggjering og forankring blant våre tilsette og studentar, og knyt dette arbeidet til implementering av den nye strategien. Det blir fleire møte/diskusjonar i fora for tilsette og studentar, mellom anna blir universitetsambisjonen hovudtema på leiarsamlinga i mai 2023.

Realisering av mål og ambisjonar


Framover, og særleg i 2023 må vi arbeide systematisk med å realisere måla i strategien. Eit rammeverk for dette ligg i retningslinjer for verksemdstyring, som styret har vedteke. Retningslinjene skildrar eit overordna styringssystem basert på sjølvstende, tillit og dialog. Desse skal sikre at høgskulen etterlever krav som styresmaktene stiller til verksemdstyringa, at høgskulen når mål og resultatkrav, at høgskulen realiserer eigne ambisjonar og mål og fremje meir effektiv og føreseieleg styring.

Sentrale element i retningslinjene er bruken av interne oppdragsbrev, krav til risikobaserte planar, rapportering og oppfølging gjennom dialogmøte, og drøfting av forbetningspunkt og læring på tvers i leiinga. Det skal både vere heildekkande planar for kvart fakultet og tematiske handlingsplanar på tvers av organisasjonen.

Særleg mål i strategien	Handlingsplan for	Tidsrom	Merknad
1	Studentrekruttering	2019-2023	
1	Inkluderande læringsmiljø	2020-2024	
1 og 2	Internasjonalisering	2021-2023	
3 (alle)	Berekraft		Planlagt vedtatt i 2023
4	Digitalisering		Planlagt vedtatt i 2023
5	Campusutvikling		Planlagt vedtatt i 2023

Tabell 12: Oversikt over særlege handlingsplanar knytt til realisering av strategi

Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksemdstyring er skildra i figur under.



Figur 3: Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksemdstyring.

Budsjett 2023

Kunnskapsdepartementet løyvde 2 284 700 000 kroner, over kap. 206 post 50, til Høgskulen på Vestlandet.

Saldert budsjett for 2022	2 222 426
Prisjustering	66 673
Videreføring av studieplassar gitt 2019-2022	13 682
Resultatbasert utteljing	9 077
Inndekning satsingar	-12 425
Endra reisevanar	-10 356
Premiemodell pensjon	-2 924
Studieavgift utanfrå EØS	-1 453
Tildeling 2023	2 284 700

Tabell 13: KD-løyving 2023 (alle beløp i 1000 kr).

	Resultat	Basis	Fellesmidlar	Øyremerkatilskot	Sum 2023	Sum 2022	Differanse i % 2022-2023
FLKI	216 054	180 260		7 263	403 577	418 015	-3,45 %
FHS	184 421	138 159		1 100	323 680	315 527	2,58 %
FIN	121 960	118 045		24 826	264 831	276 479	-4,21 %
FØS	63 592	46 034		4 995	114 621	115 040	-0,36 %
Innsatsområda			15 000		15 000	21 000	-28,57 %
Realbudsjettet administrasjon			350 547		350 547	324 423	8,05 %
Institusjonskostnader		440	318 583		319 023	287 904	10,81 %
Husleiekostnader*			406 995		406 995	384 178	5,94 %
Stipendiatar			86 409		86 409	82 484	4,76 %
	586 027	482 938	1 177 534	38 184	2 284 683	2 225 050	2,68 %

*inkl. driftskostnader fakturert av huseigar

Tabell 14: Intern budsjettfordeling av KD-løyving 2023 (alle beløp i 1000 kr.)

Tabellen på neste side viser budsjettet til høgskulen som blei godkjent av styret i styremøtet i november 2022. Midlane er fordelt på fakulteta, administrasjon og institusjonsovergrepande kostnader i tråd med modulane i budsjettfordelingsmodellen.

	Resultat 2022	Prognose 2022	Prognose 2023	Prognose 2024	Prognose 2025	Prognose 2026
Inntekter frå KD-tildeling	2 207	2 243	2 284	2 340	2 397	2 459
Andre inntekter	313	310	320	331	341	352
Sum driftsinntekter	2 520	2 553	2 604	2 670	2 738	2 811
Lønn	1 649	1 666	1 719	1 736	1 752	1 771
Andre driftskostnader	486	523	548	574	601	629
Husleige	384	383	406	416	427	437
Avskrivningar	73	73	75	75	80	85
Sum driftskostnader	2 592	2 645	2 748	2 801	2 859	2 922
Driftsresultat	-75	-92	-143	-130	-122	-111
Avsetningar	304	312	169	39	-83	-194

Tabell 15: Resultat 2022 og prognose 2022-2026 (alle beløp i mill. kr.)


Budsjettløyvinga for 2023 gir ei negativ utvikling i budsjetta, og sektoren har fått klare politiske signal om at det blir stramme budsjett også kommande år. I tillegg har høgskulen tidlegare fått 538 midlertidige «korona-studieplassar», men frå 2024 blir desse studie-plassane utfasa, noko som vil gi eit stort inntektstap for høgskulen. Høgskulen får heller ikkje i 2023 kandidatutteljing på grunnskulelærerutdanning som følgje av overgangen frå 4-årig GLU til 5-årig integrert master.

Samtidig har høgskulen framleis avsetningar som gir eit handlingsrom til å investere i mellom anna vitenskapleg utstyr, inventar og infrastruktur. Avsetningane vil også nyttast til å styrke arbeidet med vår universitetsambisjon og å vidareutvikle våre campusar.

I budsjettet for 2023 er det også sett av om lag 25 mill. kr til ulike innsatsområde. Midlane skal koordinerast frå institusjonsnivået og skal dekke innsatsområda som krev koordinering og heilskapleg tilnærming på tvers av fakultet og einingar. Auka satsing på digitalisering vil vere det viktigaste området.

Men avsetningane vil raskt bli redusert, noko som gir eit stort behov for å effektivisere og omstille drifta.

Høgskulen vil i 2023 starte ulike konkrete omstillingsprosessar, som å utvikle styringsprinsipp for ein meir økonomisk berekraftig studieportefølje, vurdere endringar i noverande fakultetsstruktur og ein gjennomgang av administrasjonen og dimensjonering av dei ulike einingane. Høgskulen vil iverksette tiltak for å auke dei eksterne inntektene kommande år. I 2023 er det forventa ein ekstern omsetning på om lag 281 mill. kr., medan om lag 21,5 mill. kr. er forventa som overskot til verksemdskapitalen.



Trond Mohn i samtale med Prof. Dhayalan Velauthapillai. Trond Mohn har vore ein viktig støttespelar for høgskulen gjennom fleire år.



Kapittel VI

Årsrekneskap

Leiarkommentar til rekneskapen for 2022

Stadfesting

Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører statsoppdraget innanfor dei rammer som Kunnskapsdepartementet (KD) har satt for institusjonen i løyvingebrev for 2022. Rekneskapen gir eit dekkande bilde av HVL sine rekneskapsførte inntekter, utgifter, eigendelar, verksemdskapital og gjeld. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med bestemmelsar om økonomistyring i staten, reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Leiarkommentaren og rekneskapen er sett opp i høve til dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 14.12.2021, 25.04.2022, 22.08.2022 og 14.12.2022.

Institusjonen sin revisor er Riksrevisjonen.

Avvik mellom budsjett og rekneskap og vurdering av institusjonen si drift i perioden

Totalt har Høgskulen på Vestlandet inntekter i 2022 på 2.520 mill. kr. Dette er ein auke på 62 mill. kr. frå 2021, då totale inntekter var på 2.459 mill. kr. Totale inntekter frå løyving frå Kunnskapsdepartementet er 2.203 mill. kr., som utgjer 87,5% av totale inntekter. Høgskulen har og mottatt ei tilleggsløyving frå Arbeids- og inkluderingsdepartement på 4 mill. kr til tolke-utdanninga.

For 2022 har HVL ein reduksjon i inntektene «tilskot og overføringar frå andre» og ein auke i «sals- og leigeinntekter» samanlikna med 2021, som i all hovudsak skuldast ei omklassifisering av utdanningsprosjekt frå bidrags- til oppdragsfinansiert aktivitet.

Samanliknar ein inntektene mot budsjettet for 2022, hadde HVL budsjettert med totale inntekter på 2.496 mill. kr. og rekneskapen viser totalt 2.520 mill. kr. Dette gir eit budsjettavvik 1%, som er innafor normal variasjon og vurdert uvesentleg.

Tabell 1 Inntektsfordeling

	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 31.12.2022	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2021	Endring i % frå 2021
Inntekt frå løyving	2 206 867	2 212 200	-0,2 %	2 185 294	1,0 %
Tilskot og overføringar frå andre	188 903	176 949	6,8 %	195 499	-3,4 %
Sals- og leigeinntekter	116 331	100 932	15,3 %	70 619	64,7 %
Andre driftsinntekter	8 368	6 025	38,9 %	7 369	13,6 %
Sum driftsinntekter	2 520 469	2 496 106	1,0 %	2 458 781	2,5 %

(Alle tal i heile tusen)

Totale driftskostnader for 2022 er på 2,592 mill. kr. Mot 2,459 mill. kr. i 2021. Dette utgjør ein auke på 209 mill. kr, ein endring på 8,8%.

Løn og sosiale kostnader har auka med 89 mill. kr. frå 2021 og utgjør ein auke på 5,7%. Det er ein auke i fastløn, noko som er naturleg, sidan HVL har hatt ein auke i tal årsverk på 72 frå 2021. Samanliknar vi løn og sosiale kostnader mot budsjett er det eit mindreforbruk på 71 mill. kr. Dette skuldast at det har vore mange vakante stillingar. Det har det siste året vore vanskeleg å rekruttere til både vitskapelege og teknisk-administrative stillingar. I tillegg har vi budsjettert med ein for høg pensjonspremie til Statens Pensjonskasse (SPK) med om lag 20 mill. kr.

Andre driftskostnader har auka med 107 mill. kr., som er ein endring på 14% i høve 2021. Auken skuldast noko høgare husleige, og ikkje minst høge straumkostnader. Det er og auka kostnader til reiser, som har vore lågare dei siste åra på grunn av Covid-19. Mindreforbruk i høve til budsjett utgjør 21 mill. kr. og utgjør eit avvik på 2,4%. Sjølv om vi har eit stort meirforbruk til straum, har vi hatt mindreforbruk på blant anna innsatsmidlar til strategiske tiltak. Dette betyr at nokre strategiske tiltak er noko utsett i tid.

Avskrivningane har auka med om lag 13 mill. kr. Dette er naturleg sidan HVL har hatt store investeringar i 2021 og 2022. Avskrivningane er om lag som budsjettert.

Tabell 2 Driftskostnader

	Rekneskap 31.12.2022	Budsjett 31.12.2022	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2021	Endring i % frå 2021
Løn og sosiale kostnader	1 648 569	1 719 364	-4,1 %	1 559 384	5,7 %
Andre driftskostnader	870 940	892 135	-2,4 %	764 058	14,0 %
Avskrivningar	72 643	70 000	3,8 %	59 992	21,1 %
Sum driftskostnader	2 592 153	2 681 499	-3,3 %	2 383 433	8,8 %

(Alle tal i heile tusen)

Resultatet for 2022 viser eit negativt driftsresultat på 72 mill. kr. Dette er planlagt bruk av avsetningar som utgjør 100 mill. kr. og overskot frå oppdragsverksemda som utgjør 28 mill. kr. Den store auken i resultat til verksemdskapital skuldast ein del utdanningsprosjekt frå Utdanningsdirektoratet (Kompetanse for kvalitet og Kompetanse for barnehage etc.) ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett. Desse prosjekta har tidlegare vore ført som bidragsprosjekt og fortienesta har gått inn i fakultetet. I 2021 blei desse omklassifisert til oppdrag, og det ser vi

effekten av no i 2022. HVL budsjetterte med negativt driftsresultat på 185 mill. kr. Avviket i høve faktisk resultat utgjør 113 mill. kr. for 2022. Dette skuldast 1% høgare inntekter enn budsjettert og mindreforbruk på kostnader på 3,3%.

Innskot i statens konsernkonto er redusert med 8 mill. kr. sidan 31.12.2021, og bankinnskotet utgjør 1.054 mill. kr. pr 31.12.2022. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) er 1,6 og er redusert frå 1,7 ved utgangen av 2021.

Utvikling i avsett del av løyvingfinansiert aktivitet

Pr 31.12.2022 har Høgskulen på Vestlandet 301 mill. kr. i avsette midlar av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg har vi mottatt ei løyving frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet som er avrekna med 3 mill. kr. Ved utgangen av 2021 hadde Høgskulen ei avsetning på 404 mill. kr., noko som gjev ein reduksjon på 100 mill. kr. samanlikna med 31.12.2022.

Avsetningsnivået per 31.12.2022 utgjør 13,41% av totale løyvingar frå KD på 2.246 mill. kr. Avsetningar til andre føremål er 110 mill. kr. og utgjør 4,92%. Avsetningar til investeringar er 191 mill. kr og utgjør 8,49%.

Tabell 3 - Avsetningar av løyving frå Kunnskapsdepartementet

	31.12.2022	Avsetning i % av KD løyving	31.12.2021	Avsetning i % av KD løyving
Avsetningar til andre føremål	110 473	4,92 %	109 773	4,98 %
Avsetningar til investeringar	190 641	8,49 %	294 563	13,37 %
Sum avsetningar	301 115	13,41 %	404 335	18,35 %

(Alle tal i heile tusen)

Avsetningar til andre formål inneheld øyremerka løyvingar frå KD på 64 mill. kr. Dei største øyremerka avsetningane skal nyttast til partnerskap i lærarutdanninga, som er utsett i tid på grunn av Covid-19. Markom er eit undervisningsprosjekt innan maritim utdanning, der ein har mottatt løyving for fleire år. Prosjektet "Rekruttering til grunnskule- og barnehagelærarutdanninga" er godt i gang og vil bli vidareført. Ingeniørutdanninga på Stord, som HVL har fått løyving til, er under planlegging. Viser elles til note 15.

Andre avsetningar som ikkje er tildelt av øyremerka midlar utgjør 20 mill. kr. Denne avsetninga er tenkt nytta til forskning og utvikling ved fakulteta. I tillegg er det avsett midlar på 15 mill. kr. til universitetssatsinga og 11 mill. kr. til strategiske satsingsområde.

Avsetning til investeringar utgjør 191 mill. kr., som er ein reduksjon på 104 mill. kr. samanlikna med 2021. Det var budsjettert ein reduksjon i avsetningar, men den faktiske reduksjon vart noko mindre. Dette skuldast at det tek tid å få gjort innkjøp som skal lysast etter lov om offentlege anskaffingar, og å planlegge ombygging av campus i samarbeid med Statsbygg. Avsetninga skal nyttast til investeringar spesifisert i investeringsplanen for høgskulen, sjå tabell under.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

For 2023 vil det framleis vere stort fokus på å redusere avsetningsnivået ved å gjennomføre investeringsplanen i tråd med retningslinjer frå KD.

Forholdet mellom investeringar og avskrivningar i perioden indikerer korleis ein opprettheld graden av investeringar. For 2022 utgjør denne 1,6 og investeringane er høgare enn avskrivningane. Det viser at HVL har eit tilfredsstillande investeringsnivå i høve til avskrivningane.

Styret har i 2022 vedtatt ein investeringsplan for HVL for perioden 2023-2025 på 373 mill. kr. For 2023 er det vedtatt investeringar for 185 mill. Planen vil truleg bli godkjent på nytt av styret i mars og tabell 4 viser siste investeringsplan for 2023, med foreløpig oppdaterte tal. Høgskulen har aktiverte investeringar i 2022 på 113 mill. kr.

Tabell 4 - Investering 2022 og revidert investeringsplan for 2023

	Rekneskap 2022	Investeringsplan for 2023
Immaterielle eigendelar	14 950	4 580
Transportmidlar/bilar	955	50
Skip og forskingsfartøy		2 300
Inventar	10 164	6 250
Kontormaskiner og øvrig kontorutstyr		800
Data- og AV-utstyr	42 705	49 489
Nettverkskomponentar		26 892
Teknisk vitskapeleg utstyr/forskings- og lab.utstyr	11 642	17 243
Undervisningsutstyr	15 456	8 868
Verktøy		50
Andre driftsmidlar	6 116	1 000
Maskiner og anlegg	583	13 500
Påkoste andre sine bygg	10 811	20 170
Totalt	113 382	151 191

(Alle tal i heile tusen)

Dei største investeringane i 2022 er IT-/AV-utstyr på 43 mill. kr., immaterielle eigedelar 15 mill. kr., som er kjøp av tenester for å få utvikle filmar, appar og portalar. Undervisnings-, forskings- og laboratorieutstyr på 20 mill. kr. er SimArena, som er medisinteknisk undervisnings- og forskingsutstyr og test- og undervisningsutstyr til Fakultet for ingeniør og naturfag. Lektor for dykkarutdanninga er aktivert med 6 mill. kr og utstyr tilhøyrande lektaren utgjer 7 mill. kr. Totalt utgjer dette 13 mill. kr. Det er nytta 10 mill. kr. til inventar i læringslabbar i Bergen, Sogndal og på Stord, møblere kontor og møterom i Anga-bygget i Førde og mange mindre innkjøp av inventar. Påkostnad bygg på 11 mill. kr. er ombygging av eksisterande bygg for ny høgspenlab og miljøteknologilab i Bergen, litt ombygging i samband med læringslabbane, drivhus og gapahuk på Stord og andre mindre tilpassingar.

Investeringsplanen for 2023 viser at det er prioritert investeringar i IT-/AV-utstyr og nettverkskomponentar, totalt 76 mill. kr. Dette er tenkt nytta til fornying AV-utstyr i undervisningsrom på alle campus, innkjøp av PC-ar til arbeidsplassar, vidareutvikling av medielab, utskifting av nettverkskomponentar og utvida server- og lagringsløyningar. Investeringar til dykkarutdanninga er påbegynt og vil bli vidareført. Fakulteta prioriterer å nytte midlane til vitskapeleg undervisningsutstyr. Det vil og bli nytta midlar til byggoppgradering i samband med campusutviklingsprosjekta ved dei fem campusane.

I styremøtet i november 2022 vedtok styret å gi rektor fullmakt til å be Statsbygg om å utarbeide anbodskonkurranse med utlysning av totalentreprise for ombygging og nybygg i Haugesund.

Det blir elles vist til rekneskapen for 2022 med tilhørende notar.

Gunnar Yttri, rektor

Dato: 08.03.2023




Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg




Trond Ueland




Hege Økland




Joar Sande



Tina Åsgård



Ragnar Gjengedal



Kristin Ådnøy Eriksen



Tone Skjerdal



Alexander Papas



Frida Lunde Høisæther

Årsrekneskap med noter

Prinsippnote – SRS

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS). Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Alle aktiviteter som årets grunnbevilgning er ment til å finansiere er utført pr. 31.12 og grunnbevilgning fra departementet er dermed ansett som opptjent. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskaplinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskaplinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når

den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter, er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt. Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 30 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger. Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved bruksendring, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskapi- tal avsnitt CI Virksomhetskapi- tal i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Oppjent virksomhetskapi- tal. Dette gjelder både lang- siktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler /langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelses- kost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlig tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsatt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapi- tal, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjeterte). Universiteter og høy- skoler kan bare opptjene virksomhetskapi- tal innenfor oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opp- tjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapi- tal ved enhetene.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikrings- kostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsern- kontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkonto- ordningen i Norges Bank. Denne rente beregnes ikke. Nettobudsjeterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 206 867	2 185 294
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	188 825	195 499
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	116 409	70 619
Andre driftsinntekter	1	8 368	7 369
Sum driftsinntekter		2 520 469	2 458 781
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	1 648 569	1 559 402
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	72 643	59 992
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	870 940	764 040
Sum driftskostnader		2 592 153	2 383 433
Driftsresultat		-71 684	75 348
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	35	408
Finanskostnader	6	491	35
Sum finansinntekter og finanskostnader		-456	373
Resultat av periodens aktiviteter		-72 140	75 720
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	100 115	-67 927
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-27 974	-7 794
Sum avregninger og disponeringer		72 140	-75 720

Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9	0	0
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9	0	0
Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre		0	0
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning	10	0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0

Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	13 500	74
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
Sum immaterielle eiendeler		13 500	74
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	50 704	43 447
Maskiner og transportmidler	5	77 082	79 793
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	241 616	218 852
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
Sum varige driftsmidler		369 403	342 091

III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	2 029	2 443
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
Sum finansielle anleggsmidler		2 029	2 443
Sum anleggsmidler		384 932	344 608
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	28 798	16 561
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	1 859	26 945
Andre fordringer	14	109 538	98 542
Sum fordringer		140 195	142 048
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	1 053 631	1 045 537
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	0	0
Kontanter og lignende	17	0	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		1 053 631	1 045 537
Sum omløpsmidler		1 193 826	1 187 585
Sum eiendeler drift		1 578 758	1 532 193
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Sum eiendeler		1 578 758	1 532 193

Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskaptal			
Innskutt virksomhetskaptal	8	0	0
Opptjent virksomhetskaptal	8	126 187	98 213
Sum virksomhetskaptal		126 187	98 213
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15.I	304 220	404 335
Sum avregninger		304 220	404 335
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	382 903	342 165
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	0	0
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		382 903	342 165
Sum statens kapital		813 311	844 713
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelses			
Avsetninger langsiktige forpliktelses	19	0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktelses		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0

III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		216 949	173 256
Skyldig skattetrekk		62 902	57 235
Skyldige offentlige avgifter		56 497	54 198
Avsatte feriepenger		141 089	131 629
Ikke inntektsførte tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	168 432	132 474
Mottatt forskuddsbetaling	16	33 252	58 480
Annen kortsiktig gjeld	18	86 326	80 208
Sum kortsiktig gjeld		765 447	687 480
Sum gjeld		765 447	687 480
Sum statens kapital og gjeld drift		1 578 758	1 532 193
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10B	0	0
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		1 578 758	1 532 193

Kontantstrømoppstilling for nettobudsjetterte virksomheter (direkte modell)

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2022	31.12.2021	Budsjett 2023
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter				
Innbetalinger				
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)		2 245 669	2 214 981	2 303 900
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)		4 080	0	4 100
innbetalinger fra salg av varer og tjenester		112 397	98 244	108 125
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser		0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer		179 537	179 423	155 102
innbetaling av refusjoner		0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler		0	0	0
andre innbetalinger		103 325	56 879	34 685
Sum innbetalinger		2 645 008	2 549 526	2 605 911
Utbetalinger				
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader		1 626 637	1 540 458	1 769 759
utbetalinger for varer og tjenester for videresalg og eget forbruk		843 054	756 336	912 721
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter		-526	-813	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater		0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter		0	0	0
andre utbetalinger		54 325	21 769	32 062
Sum utbetalinger		2 523 490	2 317 751	2 714 543
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter *		121 518	231 776	-108 631

Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter				
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)		0	2	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)		-113 382	-85 231	-200 000
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)		0	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)		0	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)		0	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)		0	0	0
innbetalinger av utbytte (+)		0	0	0
innbetalinger av renter (+)		0	5	0
utbetalinger av renter (-)		-42	-31	-3
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		-113 424	-85 260	-200 003
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter				
innbetalinger av virksomhetskaper		0	0	0
tilbakebetalinger av virksomhetskaper (-)		0	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassen (-)		0	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		0	0	0
Kontantstrømmer knyttet til overføringer				
innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre (+)		0	0	0
innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre (+)		0	0	0
innbetalinger fra andre virksomheter til tilskudd til andre (+)		0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter (-)		0	0	0
skatter, avgifter og gebyrer direkte til statskassen (+)		0	0	0
avregning med statskassen vedrørende innkrevingsvirksomhet (-)		0	0	0
Netto kontantstrøm knyttet til overføringer		0	0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)		0	0	0

Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)		8 094	146 516	-308 634
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse		1 045 537	832 951	
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt		1 045 537	1 045 537	744 997
* Avstemming	Note	31.12.2022	31.12.2021	
avregning av bevilgningsfinansiert aktivitet		-100 115	67 927	
disponering av periodens resultat (til virksomhetskapsital)		27 974	7 794	
bokført verdi avhendede anleggsmidler		0		
ordinære avskrivninger		72 643	59 992	
nedskrivning av anleggsmidler		0		
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)		-113 382	-85 231	
endring i statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler		40 738	25 239	
endring i ikke inntektsført bevilgning		0		
endring i beholdninger av varer og annet driftsmateriell		0		
endring i kundefordringer		-12 237	3 249	
endring i leverandørgjeld		43 693	-1 005	
endring i ikke inntektsført tilskudd og overføringer		35 957	21 234	
effekt av valutakursendringer		0		
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktiviteter		113 838	84 857	
poster klassifisert som kontantstrømmer knyttet til overføringer		0		
endring i andre tidsavgrensingsposter		12 407	47 720	
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*		121 518	231 776	

Prinsipp for bevilgningsoppstilling

Virksomhetsregnskapet for statlige forvaltningsorganer med særskilte fullmakter til bruttoføring utenfor statsregnskapet (nettobudsjetterte virksomheter) er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer i bestemmelser om økonomistyring i staten. Virksomhetsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsenes punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet.

Virksomheten er tilknyttet statens konsernkontoordning i Norges Bank i henhold til bestemmelsenes punkt 3.7.1. Nettobudsjetterte virksomheter får bevilgningen fra Kunnskapsdepartementet innbetalt på sin bankkonto. Beholdninger på virksomhets oppgjørskonto i Norges Bank overføres til nytt år.

Bevilgningsoppstillingen omfatter perioden fra 1. januar til den aktuelle balansedagen.

